



**Saksbehandlar:** Ingrid Johannessen

**Kommunedirektør:** Halfdan Krohn-Brekke

Saksnr.	Utval	Møtedato
015/26	Formannskapet	24.03.2026
019/26	Kommunestyret	14.04.2026

## Andre gangs behandling av Detaljregulering for industri- og hamneområde på Dommersnes

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Detaljregulering for industri- og hamneområde på Dommersnes, planid 1160202308, blir vedtatt slik den ligg føre med plankart og føresegner datert 06.03.2026

### Formannskapet 24.03.2026:

#### Behandling:

Nytt punkt 2, foreslått av Valen, Øyvind, Arbeiderpartiet

Kommunestyret ber kommunedirektør, i forkant av oppstart av fase 2, ta initiativ til ein utbyggingsavtale slik føresegner §10-1-11 legg opp til. Avtalen kan innehalde spørsmål om utbetring av fylkesveg, bruk av massar, initiativ til bygging av bustader i Vikebygd til tilsette, og andre tiltak som er i tråd med føresegna. Sitat: «Det er ei forventning om kompenserande tiltak som kjem lokalsamfunnet til gode»

Punkt 3 og 4, foreslått av Valen, Øyvind, Arbeiderpartiet

3. Kommunestyret vil sterkt henstille til selskapet om å ta rask kontakt med eksisterande bedrifter med sikte på at dei kan få føreseielege vilkår i åra som kjem. Kommunestyret vil òg henstille til at det blir etablert faste møtepunkt mellom selskapet og eksisterande bedrifter.

4. Viss fase 2 ikkje har oppstart innan utgangen av 2031 vil kommunestyret be kommunedirektør ta initiativ til å endra reguleringsplanen slik at annan industri kan sleppa inn i området.

Representant Ivar Ødegård (Vil) stilte spørsmål ved sin habilitet i denne saka. Han er grunneigar tett på området Dommersnes, omfatta av nabovarsel og har sendt inn høyringssvar.

Formannskapet vedtok einstemmig at Ivar Ødegård var inhabil etter forvaltingslova § 6 andre ledd.

Han blei ikkje med vidare i handsaminga av saka.

Vararepresentant Tormod Sandsgård gjekk inn i hans plass i denne saka.

#### Votering:

Votering punktvis med kommunedirektøren sitt opprinnelege forslag til vedtak som punkt 1 og Valen (Ap) sine tre tilleggsforslag som punkta 2, 3 og 4

Punkt 1: samrøystes vedtatt med 9 stemmer

Punkt 2: samrøystes vedtatt med 9 stemmer

Punkt 3: samrøystes vedtatt med 9 stemmer

Punkt 4: samrøystes vedtatt med 9 stemmer

Alle punkta gjekk vidare som innstilling til kommunestyret.

### **FS - 015/26 Vedtak:**

#### **Formannskapet si innstilling til kommunestyret**

1. Detaljregulering for industri- og hamneområde på Dommersnes, planid 1160202308, blir vedtatt slik den ligg føre med plankart og føresegner datert 06.03.2026
2. Kommunestyret ber kommunedirektør, i forkant av oppstart av fase 2, ta initiativ til ein utbyggingsavtale slik føresegner §10-1-11 legg opp til. Avtalen kan innehalde spørsmål om utbetring av fylkesveg, bruk av massar, initiativ til bygging av bustader i Vikebygd til tilsette, og andre tiltak som er i tråd med føresegna. Sitat: «Det er ei forventning om kompenserande tiltak som kjem lokalsamfunnet til gode»
3. Kommunestyret vil sterkt henstille til selskapet om å ta rask kontakt med eksisterande bedrifter med sikte på at dei kan få føreseielege vilkår i åra som kjem. Kommunestyret vil òg henstille til at det blir etablert faste møtepunkt mellom selskapet og eksisterande bedrifter.
4. Viss fase 2 ikkje har oppstart innan utgangen av 2031 vil kommunestyret be kommunedirektør ta initiativ til å endra reguleringsplanen slik at annan industri kan sleppa inn i området.

### **Kommunestyret 14.04.2026:**

#### **Behandling:**

Nytt punkt 3.3.3 i føresegnene (Punkta etterpå blir justert), foreslått av Valen, Øyvind, Arbeiderpartiet

Eksisterande bedrifter i B-I-1 kan foreta nødvendige utbyggingar i tråd med sin opphavlege aktivitet inntil ei eventuell vidare utbygging av B-I-2 er starta opp.

#### **Handsaming:**

Representant Ivar Ødegård (Vil) stilte spørsmål ved sin habilitet i denne saka. Han er grunneigar tett på området Dommersnes, omfatta av nabovarsel og har sendt inn høyringssvar.

Kommunestyret vedtok einstemmig at Ivar Ødegård var inhabil etter forvaltingslova § 6 andre ledd. Han blei ikkje med vidare i handsaminga av saka.

Vararepresentant Aleksander Vølstad gjekk inn i hans plass i denne saka.

#### **Formannskapet si innstilling til kommunestyret**

1. Detaljregulering for industri- og hamneområde på Dommersnes, planid 1160202308, blir vedtatt slik den ligg føre med plankart og føresegner datert 06.03.2026
2. Kommunestyret ber kommunedirektør, i forkant av oppstart av fase 2, ta initiativ til ein utbyggingsavtale slik føresegner §10-1-11 legg opp til. Avtalen kan innehalde spørsmål om utbetring av fylkesveg, bruk av massar, initiativ til bygging av bustader i Vikebygd til tilsette, og andre tiltak som er i tråd med føresegna. Sitat: «Det er ei forventning om kompenserande tiltak som kjem lokalsamfunnet til gode»
3. Kommunestyret vil sterkt henstille til selskapet om å ta rask kontakt med eksisterande bedrifter med sikte på at dei kan få føreseielege vilkår i åra som kjem. Kommunestyret vil òg henstille til at det blir etablert faste møtepunkt mellom selskapet og eksisterande bedrifter.

4. Viss fase 2 ikkje har oppstart innan utgangen av 2031 vil kommunestyret be kommunedirektør ta initiativ til å endra reguleringsplanen slik at annan industri kan sleppa inn i området.

### **Votering:**

Punktvis votering over dei 4 punkta frå formannskapet si innstilling og nytt forslag til nytt punkt 3. 3 i føresegnene lagt fram av Valen (AP) som punkt 5.

Punkt 1: 21 stemmer for. 4 stemmer i mot, 1 SV og 3 VIL

Punkt 2: samrøystes vedtatt med 25 stemmer

Punkt 3: samrøystes vedtatt med 25 stemmer

Punkt 4: samrøystes vedtatt med 25 stemmer

Punkt 5: samrøystes vedtatt med 25 stemmer

### **KS - 019/26 Vedtak:**

1. Detaljregulering for industri- og hamneområde på Dommersnes, planid 1160202308, blir vedtatt slik den ligg føre med plankart og føresegner datert 06.03.2026
2. Kommunestyret ber kommunedirektør, i forkant av oppstart av fase 2, ta initiativ til ein utbyggingsavtale slik føresegner §10-1-11 legg opp til. Avtalen kan innehalde spørsmål om utbetring av fylkesveg, bruk av massar, initiativ til bygging av bustader i Vikebygd til tilsette, og andre tiltak som er i tråd med føresegna. Sitat: «Det er ei forventning om kompenserande tiltak som kjem lokalsamfunnet til gode»
3. Kommunestyret vil sterkt henstille til selskapet om å ta rask kontakt med eksisterande bedrifter med sikte på at dei kan få føreseielege vilkår i åra som kjem. Kommunestyret vil òg henstille til at det blir etablert faste møtepunkt mellom selskapet og eksisterande bedrifter.
4. Viss fase 2 ikkje har oppstart innan utgangen av 2031 vil kommunestyret be kommunedirektør ta initiativ til å endra reguleringsplanen slik at annan industri kan sleppa inn i området.
5. Nytt punkt 3.3.3 i føresegnene (Punkta etterpå blir justert): Eksisterande bedrifter i B-I-1 kan foreta nødvendige utbyggingar i tråd med sin opphavlege aktivitet inntil ei eventuell vidare utbygging av B-I-2 er starta opp.

## **Saksutgreiing**

### **Samandrag**

Reguleringsplanen legge til rette for eit større industri- og hamneområde til sjø der hovudformålet er produksjon og samanstilling av havvindturbinar. Totalt planområde er 1847 daa fordelt på hovudformåla industri, næring, kai og riggområde i sjø, ny fylkesveg med tilhøyrande anlegg, naturformål og eksisterande hytteområde. Planen erstattar tidlegare reguleringsplan frå 1980.

Utbygginga er planlagt i tre fasar. Det er allereie gitt løyve til fase 1. Fase 2 er ei utviding av industriarealet nedanfor dagens fylkesveg med utfylling i Brunnavika og etablering av nye kaifrontar. Fase 3 omfattar areal aust for dagens fylkesveg og krev at fylkesvegen blir lagt om.

Planforslaget har skapt stort lokalt engasjement. Forutan offentlege myndigheiter, lag og organisasjonar, har 123 privatpersonar sendt inn merknader. Statsforvaltaren hadde motsegner til planforslaget som omhandla følgande tema: klimagassutslepp, naturmangfald på land, vassmiljø, marint naturmangfald, støy, massehandtering, luftkvalitet og samfunnstryggleik.

For å imøtekomme innkomne merknader og motsegner frå Statsforvaltaren er følgande endringar gjort i planforslaget:

- industriareal er redusert,
- kombinert formål og næringsformål er redusert
- myrområda i nord er trekt heilt ut av utbyggingsområdet og regulert til naturformål

I føresegnene er miljøkrav styrka. Det er m.a. stilt skjerpa krav til klimarekneskap og handlingsplan for klimanøytralitet, støygrenser og målekrav, overvatn og massehandtering, faste ankringspunkt i sjø og miljøoppfølgingsplan.

## **Saks- og faktaopplysningar**

### **Saka gjeld**

Andre gangs behandling av Detaljregulering for industri- og hamneområdet på Dommersnes, planID 1160202308.

### **Formål**

Formålet med planarbeidet er å legge til rette for eit større nærings- og hamneområde til sjø gjennom utnytting og ombruk av eksisterande regulert industriområde. Primært er utviklinga knytt til offshore vind og etableringa av havvind i Nordsjøen. Planen omfattar også areal på sjøbotn (vertikalnivå 4) og på sjøen. Utbygginga er skissert i tre trinn, der første trinn er gitt løyve til. Trinn to omfattar resterande areal på vestsida av dagens fylkesveg. Fase tre er arealet som ligg aust for dagens fylkesveg. Ei tilrettelegging av dette fordrar flytting av fylkesvegen i ein heilt ny trase aust for regulert industriområde.

### **Oppdragsgjevar og konsulent**

Dommersnes AS (Windafjord Port AS) er eit nystifta selskap som skal stå for utviklinga av området. Det er eit privat/offentleg selskap med kommunen som ein av eigarane. Norconsult AS har utarbeidd planforslaget med tilhøyrande konsekvensutgreiingar.

### **Planprosess og medverknad**



Planforslaget blei førstegangsbehandla i formannskapet 04.02.2025, sak 004/25, og har vore på høyring i perioden 18.02 – 22.04.2025. Det blei halde ope informasjonsmøte og kontordag i Vikebygd i høyringsperioden.

### **Plantype**

Planforslaget blir lagt fram som ei privat detaljregulering.

### **Planområde, plassering og avgrensing**

Planområdet ligg på Dommersnes, ca. 2 km sør for sentrum av Vikebygd. Sjølve planområdet har ei utstrekning på om lag 1850 daa, der hovudformåla er fordelt på 857 daa i sjø, 528 daa sett av til byggeformål og om lag 90 daa til samferdselsformål (inkl. kai som utgjer 20 daa). Resterande areal er i hovudsak sett av til landbruks-, natur- og friluftformål og naturformål, til saman 353 daa.

	
<p><i>Dagens situasjon med industrikaiar og industritomter på begge sider av fylkesvegen. Raud stipla linje viser avgrensinga til</i></p>	<p><i>Raud stipla strek viser avgrensinga av planområdet i planforslaget.</i></p>

## Planstatus

### *Regionalplan for grøn industri*

Formålet med denne planen er å legge til rette for verdiskaping og arbeidsplassar innan grøn industri som skal bidra til lågutsleppssamfunnet. Eit viktig grep i planen er å avgrense arealbruken for nye næringer mellom anna ved gjenbruk av allereie brukte areal og ved at det blir peika ut prioriterte areal for denne typen verksemd. Planen peikar mellom anna ut nokre regionalt prioriterte sjønære industriareal som skal prioriterast for utbygging, der Dommersnes er eit av desse. Djupna i Ålfjorden, den skjerma plasseringa, korte avstandar til andre føretak i næringsklynga og ut i Nordsjøen er spesielle kvalitetar og fordelar som gjer at Dommersnes er eit prioritert areal.


### *Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger*

Den andre viktige regionalplanen er Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Formålet med denne planen er å sikre ei berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsone i Sunnhordlandsregionen og ytre Hardanger. Planen skal sikre gode rammevilkår for havbruksnæringa, som ei stor og viktig næring i regionen, samt maritim sektor med trygge farleier, hamneområde og sjøretta næringsareal. Regionalt viktige næringsområde er i planen identifiserte basert på kriterium som god tilkomst frå sjøsida, tilknytning til hovudfarleier, romslege kaiområde og næringsområde med stor betydning for regionen. I denne planen er riggområde i sjø utanfor Dommersnes peikt ut som regionalt viktig og Dommersnes er peikt ut som ein regionalt viktig industrikai.

### *Kommuneplanen 2024-2036, samfunnsdel og arealdel*

Under satsingsområdet «Berekraftig kommune» har kommunen sett seg mål nr. 12 «*Berekraftig næringsutvikling*» og ein viktig arealstrategi knytt til dette målet er arealstrategi nr. 11: «*Strategisk viktige næringsareal skal utviklast på Dommersnes og Nerheim*».

I forslag til revidert arealdel er arealformåla vidareført i samsvar med arealstrategien.




### *Reguleringsplanar*

Innsendt planforslag skal erstatte eldre reguleringsplan for industriområdet på Dommersnes, vedtatt 1980. Men det er fleire eldre reguleringsplanar som ligg i nærleiken av planområdet og som indirekte blir berørt. Dette gjeld:


*Reguleringsplan for Leirhammar/Dommersnes (hyttefelt) (2011).*



*Reguleringsplan for Skjeljavika hyttefelt (2017) og*




Reguleringsplan for Hytteområde Dommersnes, Kolstø (2009).



Dagens situasjon


Det utbygde arealet på Dommersnes inkluderer eksisterende industrikaier og industritomter på begge sider av fylkesvegen som går midt i det regulerte industriområdet. Regulert område utgjør om lag 530 daa. Vindafjord kommune eier ca. 200 daa av arealet. På vestsida av fylkesvegen ligger m.a. Gangstø Transport AS og Ølen Trevare (trappfabrikk), medan det på austsida av vegen for det meste er brakkeriggar knytt til industrien. Det er 5 næringsbygg oppe ved fylkesvegen og elles anlegg ved Dommersnes kai. Eksisterende næringsverksemdar har tatt i bruk om lag 50 daa av regulert areal. I tillegg til næringsbygg er det 11 hytter innanfor gjeldande reguleringsplan. Næraste bustadhus/gardshus ligg om lag 80 m nord for dagens industriområde.

I 2021, då flybilde blei tatt, ser ein også at kaiområdet var i bruk for Hywind-Tampen prosjektet.



*Flyfoto over området, 2021*

**Kort omtale av arealformåla og endringar som er gjort etter førstegangsbehandling/høyring:**  
Kartutsnittet viser planforslaget slik det ligg føre.



Arealet som skal fyllast ut heilt ut til fyllingsfoten, går fram av det minste kartutsnittet ovanfor. For nærare detaljar kan plankarta sjåast digitalt via linkene (**Merk** at grunna tekniske problem må linken kopierast og limast inn i ny nettlesar):

Vertikalnivå 2 - på bakken:

<https://kommunekart.com/klient/Fonnakart?urlid=a50abdfc-2591-46a5-9781-b4e147bac9d1>

Vertikalnivå 4 - på sjøbotn:


<https://kommunekart.com/klient/Fonnakart?urlid=03eabb9f-f9a3-4e35-8dff-ce33589af7df>

I det følgande er endringane som er gjort i planforslaget etter førstegangsbehandlinga, omtalt.

#### Areal sett av til industriformål (BI)


Planforslaget er framleis planlagt utbygd i tre fasar.

Fase 1. Løyve er gitt. Denne fasen gjeld planering av om lag 54 daa ned til kote + 3,0. Dagens tilkomstveg skal nyttast, men det vil vere behov for å legge om nokre interne vegar og VA-anlegg.



Kartutsnitt viser planeringsområde for fase 1 (kjelde: planskildringa, Norconsult as)

Fase 2. Omhandlar planeringa av resterande regulert areal på vestsida av fylkesvegen. Industriområdet får behov for ny tilkomst frå fylkesvegen når fase 2 er fullt utbygd. Området strekk seg frå og med Nordre Brunnavika i nord til eksisterande skjering i sør. Det blir også opna for utfylling eit stykke ut i sjøen med etablering av ny kaifront, samt mogelegheit for ein kaifront også vinkelrett på den lange logistikkaien. Industriareal inkl. skjeringar (fase 1 og 2) blir 198 daa.



*Kartutsnittet viser omfang av planering og maks utfylling (ca. 20 daa) og nye kaifrontar (ca. 15 daa). Ny tilkomst til fase 2 er vist med grønt. (Kjelde: Planskildringa, Norconsult as)*

Fase 3. I denne fase skal industriområdet utvidast ytterlegare med om lag 167 daa og planerast på kote +3,0. For å kunne ta dette arealet i bruk, er det rekkefølgekrav til opparbeiding av ny fylkesveg aust for regulert industriformål. I tillegg skal det opparbeidast eit areal på om lag 23 dekar liggande på eit noko høgare nivå (om lag kote +20) sør for industriområdet. Dette arealet skal nyttast til administrasjon, parkering og brakker.



*3D-Illustrasjonen viser produksjon ved full drift på heile fase3 og produksjon av opp til 24 vindmøller med opp til 25 MW turbinar sett frå Sætrafjellet. Administrasjonsarealet inkl. parkeringsareal, som skal planerast på eit høgare kotenivå, kan sjåast heilt til venstre i illustrasjonen. **MERK:** illustrasjonen er ikkje endra i samsvar med redusert industriareal i nord (høgre del av bilde).*

Endringar etter høyring:

Det totale arealet som er sett av til industriformål, er redusert frå 390 til 354 daa. Endringane er gjort for å imøtekomme fleire av Statsforvaltaren sine motsegner, sjå omtale seinare i saka. Det er industriareal i nord som er redusert for å imøtekomme motsegner som gjeld klimagassutslepp, naturmangfald på land og vassmiljø.

Plankart og føresegner er endra. Illustrasjonen er ikkje endra og industriareal i nord samsvarar derfor ikkje lenger med illustrasjonen.

#### Næringsformål (BN)

Sør for industriarealet er det sett av 23 daa til næringsformål. Næringsformålet er redusert med 5 daa. Desse 5 daa er lagt til industriformålet i sør. Næringsformålet som skal nyttast til bustadbrakker, kontorbygg og parkeringsplassar og eventuelt anna som høyrer til administrasjon og overnatting. Dette arealet er planlagt på kote mellom +15 og +20.



Utsnitt av plankart på høringstidspunktet



Utsnitt av plankart etter endring

Det er gjort mindre endringer i plankart, men ingen i føresegner.

#### Kombinert formål (BAA)

Det er regulert inn eit kombinert område i nord, aust og sør som skal sikre at det blir etablert forsvarlege skjeringar på området.

#### Endringar etter høyring:

Arealet er justert i samsvar med redusert industriformål frå 74 daa til 54 daa. Det er også sikra i føresegnene at skjeringar skal etablerast med pallar og revegeterast.

Plankart og føresegner er endra.

#### Fritidsbusetnad (BFF)

Areal sett av til fritidsbusetnad utgjer dei hyttene som ligg innanfor dagens regulerte område. Dette er tatt med i planforslaget i hovudsak for å ivareta eigedomane og oppretthalde dagens bruk. Arealet desse utgjer er til saman om lag 97 daa fordelt på 11 hytter. I planforslaget er det regulert inn byggegrense til sjø.

Plankart er uendra, men i samsvar med fagleg råd frå Statsforvaltaren er pkt. 3.1.6 i føresegnene justert for å ta omsyn til bølgepåverknad.

#### Samferdselsanlegg/ny fylkesveg

Tidleg i planprosessen blei planarbeidet drøfta i Regionalt planforum. I dette møtet med regionale myndigheiter, blei det konkludert med at dersom ny reguleringsplan opnar for ei utvikling av heile industriområdet, må ny fylkesveg detaljregulerast i same planprosessen.

Det er gjennomført ei vurdering av konsekvensar for ulike traseval og kostnadsoverslag. Rogaland fylkeskommune blei gjort kjent med dette arbeidet og fekk vurderingane til gjennomsyn før planforslaget blei sendt inn til første gangsbehandling.

Endringar av utstrekninga på industriformålet og kombinert formål i plankartet i nord, som er gjort for å imøtekomme Statsforvaltaren sine motsegner, er utan betydning for arealformåla knytt til vegen, altså ingen endringar i plankart og føresegner.

#### Tilkomst til omkringliggende eigedomar

Plankart og føresegner er uendra.

#### Løysingar for kollektivtransport

Plankart og føresegner er uendra.

#### Løysingar for gåande og syklande

Sør for industriområdet: Det er ikkje planlagt eige tilbod for gåande og syklande i dette området. Nord for industriområdet: Her vil lokalvegen (dagens fylkesveg) fungere som eit godt tilbod for mjuke trafikantar når ny fylkesveg er bygd. Ved plangrensa i nord, er det ei strekning på om lag 200 meter før ein møter til tilgrensande reguleringsplan med regulert g-/s-veg. Det må altså gjerast eit eige planarbeid for den manglande strekninga for å gi eit framtidig gjennomgåande tilbod til mjuke trafikantar.

Plankart og føresegner er uendra.

#### Avkøyring til industriområdet


Dagens avkøyring til industriområdet i nord, ved Vikevegen 1014, skal nyttast som tilkomst inntil vidare. Ved full utbygging av fase 2, vil ein ikkje lenger kunne nytte dagens avkøyrse. Det vil då bli etablert ny tilkomst frå eksisterande fylkesveg om lag 160 m lenger sør.

For fase 3 vil tilkomst til industriområdet blir etablert direkte frå ny fylkesveg. Med bakgrunn i berekna trafikkmengd, blir tilknytninga definert som eit kryss og ikkje som ei avkøyrse.

Plankart og føresegner er uendra.

#### Rigg- og hamneområde i sjø

Samanstilling av havvindturbinar vil krevje opp til 500 meter med ny kaifront.



Sjøarealet innanfor planområdet på overflata er regulert til riggområde og ferdselsområde. I samsvar med føresegnene for riggområde kan området nyttast til våtlager. Føresegnene gir føringar for kva som må vurderast i forkant av lagring på sjø.

Plankart er uendra, men føresegner er supplert for m.a. å imøtekomme motsegn frå Statsforvaltaren.

#### **Konsekvensutgreiing**

Det er vurdert at planen er omfatta av KU-forskrifta § 6b. Det er følgande punkt i vedlegg I som gjer at KU-kravet slår inn:

- Pkt. 8.b Nyetablering av farleier, hamner og hamneanlegg, der skip på over 1350 tonn kan seile og anløpe
- Pkt. 19 Uttak av malmer, mineraler, stein, grus, sand, leire eller andre masser dersom minst 200 dekar samlet overflate blir berørt eller samlet uttak omfatter mer enn 2 millioner m<sup>3</sup> masse
- Pkt. 24 Næringsbygg, bygg for offentlig eller privat tenesteyting og bygg til allmennyttige formål med et bruksareal på meir enn 15 000 m<sup>2</sup>

Planprogrammet for KU blei vedtatt av formannskapet 12.03.2024, sak 015/24. Ved førstegangsbehandlinga 04.02.2025 blei konsekvensane for dei ulike utgreiingstema gjort greie for, sjå sak 004/25, vedlegg 6. Desse blir ikkje omtalt i saka no, men er å finne på [arealplaner.no](http://arealplaner.no) under «planbehandlinger» og under «1. gangs behandling» eller på kommunen si nettside, link: Detaljregulering for Dommersnes - Vindafjord kommune (Merk at grunna tekniske problem må link kopierast og limast inn i nettlesar).

Det er undervegs i prosessen, m.a. som følgje av Statsforvaltaren sine motsegner, blitt stilt krav om ytterlegare utgreiingar, desse følger som vedlegg til saka og er vist til/omtalt i den følgande saksutgreiinga.

### **Innkomne merknadar/uttale frå partar**

Forutan vanlege høyringsuttalar frå myndigheiter, er det komme inn eit stort omfang av merknader. Lokalsamfunnet blir sterkt berørt av ei så stor utbygging, noko som gjenspeglar engasjementet og mengda innspel som er komme. I alt er det komme 56 uttalar frå privatpersonar, 7 uttalar frå offentlege myndigheiter og 10 frå organisasjonar, ein av desse er frå BÅP og er innsendt med 67 underskrifter frå privatpersonar. Nokre organisasjonar og privatpersonar har sendt inn fleire merknader. I sum er det 123 privatpersonar ( 56 + 67)som har gitt uttrykk for sine meiningar om planforslaget.

Dei innkomne merknadene frå myndigheiter og organisasjonar er oppsummert og kommentert i det følgande. Uttalen frå Statsforvaltaren (SF) er omtalt først. Som følgje av omfang og innhald i Statsforvaltaren sin uttale, med fleire motsegner og faglege råd, er planforslaget vesentleg endra frå førstegangsbehandlinga. Og som ein følgje av dette, går det fram av den vidare saksutgreiinga at også mange andre merknader heilt eller delvis er imøtekomme.

Merknader frå privatpersonar er sortert og vurdert tematisk etter fagtema som er berørt.

Konsulent/tiltakshavar sine kommentarar til innkomne merknader følger som eige vedlegg til saka, vedlegg 7. Kommunedirektøren har laga ei oversikt over privatpersonar som har sendt inn merknader, vedlegg 8.

### **Myndigheiter**

#### **Statsforvaltaren (SF)**

Uttalen til Statsforvaltaren er i det følgande gjengitt i korte trekk og oppdelt etter tema; faglege råd og motsegner. Kommunedirektøren har kommentert under kvart av punkta. For konsulenten sine kommentarar, sjå vedlegg 7.

Statsforvaltaren har faglege råd som følger:

1. Innleiingsvis skriv SF at det er positivt at planen har føresegn om at det innanfor områda er tillate med industriell aktivitet som anten er direkte knytt til sjøen eller har sjøvegen som ei viktig transportåre. Statsforvaltaren har **fagleg råd** om at føresegna blir skjerpa slik at det går tydeleg fram at det er slik verksemd som skal vere her.

*Kommunedirektøren sine kommentarar:*

Formuleringa «grøn industriutvikling i samsvar med Regionalplan for grøn industri» er tatt inn i føresegnene, pkt.2.1 og pkt. 3.3.2.

2. Terrestrisk naturmangfald:

I føresegn 3.5.4 står det at det skal nyttast stadstilpassa tre, buskar og klatreplanter. SF har **fagleg råd** om at ordet "stadstilpassa" blir bytta ut med stadeigne, og at tilsvarande krav blir stilt for tilplanting av vegetasjonsskjermen.

*Kommunedirektøren sine kommentarar:*

Føresegnene er endra i samsvar med fagleg råd, jf. reviderte føresegner pkt. 3.5.5 og 5.2.1.

3. Marint naturmangfald:

SF har **fagleg råd** om at føresegnene til reguleringsplanen ikkje sett konkrete krav til periode for gjennomføring av anleggsarbeid i sjø for å unngå eventuell motstrid mellom føresegner i reguleringsplan og vilkår i løyve gitt etter forureiningslova. SF presiserer at føresegnene likevel gjerne kan vere tydelege på at anleggsarbeidet skal ta omsyn til gyteperiodar.

*Kommunedirektøren sine kommentarar:*

Fagleg råd er følgt, men det er i føresegnene stilt krav til periode for anleggsarbeid ved sjø, jf. føresegner pkt. 2.5.6.

4. Landskap:

SF har **fagleg råd** om at føresegnene blir skjerpa slik at dei sikrar at skjeringar blir etablert med pallar som mogleggjer revegetering.

*Kommunedirektøren sine kommentarar:*

Føresegner er endra i samsvar med SF sitt faglege råd, jf. føresegner pkt. 3.5.4.

5. Friluftsliv:

I konsekvensutgreiinga for friluftsliv er det føreslått som avbøtande tiltak å etablere ny sti til Vikafjellet og Sætrafjellet frå Kollthaug/Kolthaugvegen. Ny parkering og sti vil og gi betre tilkomst til dei resterande buldresteinane (som ikkje går ut i fase 3) aust for industriområdet. Dette avbøtande tiltaket er ikkje sikra i føresegnene. SF har **fagleg råd** om at dette blir vurdert og ev. sikra. Viss eit slikt tiltak krev regulering av nytt areal, til dømes til parkering, må planområdet ev. utvidast. Konsekvensane av ei slik regulering må vurderast og belysast i planarbeidet.

*Kommunedirektøren sine kommentarar:*

Formålsgrensa for industriformålet er flytta sørover. Det vil derfor vere mogleg å nytte turstien som før, etter at industriområdet er utbygd. Seinare vegprosjektering vil vere avgjerande for tilkomsten til turområda ovanfor ny fylkesveg (behov for å legge ein kulvert).

6. Bruken av riggområde:

SF har **fagleg råd** om at riggområdet blir redusert så mykje som mogleg, både av omsyn til friluftsliv og landskap og for å avgrense påverknaden på marint naturmangfald så mykje som mogleg. Dei ulike omsyna må vegast mot kvarandre ved fastsetting av endeleg avgrensing av riggområdet.

*Kommunedirektøren sin kommentar:*

Konsulenten skriv at redusert riggområde vil redusere moglegheita for optimal bruk, særleg med tanke på kravet om faste ankringspunkt. Det blir lagt til grunn at bruken skal skje basert på hamne- og farvasslova. Kommunedirektøren vil legge til at det skal vere mogleg å ferdast gjennom riggområde, men sjølvstilt med dei avgrensingar som blir sett i samsvar med Kystverket sitt regelverk.

7. Folkehelse og lokalsamfunn:

Mange av faktorane som påverkar folkehelse er vurdert under andre tema i KU, til dømes støy, friluftsliv og landskap. I utgreiinga av lokale og regionale verknader er det i stor grad vektlagt dei positive følgene av ny næringsverksemd. For tema nærmiljø er det problematisert at det sosiale miljøet i bygda kan bli påverka av ei slik næringsutvikling. Usemje mellom innbyggjarane i ei betent sak som dette, kan påverke det sosiale miljøet i bygda negativt. SF saknar er vurdering av påverknad på folkehelse i eit noko større influensområde (t.d. Sveio).

SF har **fagleg råd** om at kommunen regulerer eit samanhengande tilbod for mjuke trafikantar frå planområdet til Vikebygd.

*Kommunedirektøren sine kommentarar:*

Innkome uttalar til planforslaget viser at utbygginga skapar stort engasjement og til dels usemje i lokalbefolkninga. Planforslaget vil heilt klart prege lokalsamfunnet ikkje berre i anleggsfase, men også i seinare driftsfase. Med så store inngrep og aktivitet som planforslaget legg opp til, vil mykje bli endra, truleg både fysiske og sosiale endringar.

Manglande gang- og sykkelvegstreking mot Vikebygd er blitt drøfta under vegs i planprosessen. Kommunen er samd i at eit samanhengande tilbod for mjuke trafikantar til Vikebygd må planleggast, men at det best blir ivaretatt i ein eigen planprosess. Kommunedirektøren har stilt rekkefølgekrav i føresegnene som sikrar at utbyggjar skal legge fram forslag til reguleringsplan for ny g/s-veg ved oppstart av fase 2. Vidare blir det stilt rekkefølgekrav til opparbeiding før BI2 kan tas i bruk, jf. føresegn pkt. 10.1.1 og 10.1.2.

8. Samfunnstryggleik:

Planforslaget peikar på behovet for nettforsterking. SF har **fagleg råd** om at dette blir vurdert nærare i planen, slik at ein sikrar gjennomføringa av planen.

*Kommunedirektøren sine kommentarar:*

Det har vore dialog med Fagne (linjeeigar) og det er stadfesta at det ikkje vil vere utfordringar knytt til nettforsterking ved behov (utvikling av BI2). Behovet synest å vere mindre enn først antatt.

9. Eksisterande fritidsbustadar:

SF har **fagleg råd** om at føresegn 3.1.6 blir justert slik at omsynet til bølgepåverknad er tilstrekkeleg ivaretatt.

*Kommunedirektøren sine kommentarar:*

Føresegna gjeld elektriske installasjonar i naust, som er bygg definert i tryggleiksklasse F1. Med bølgehøgde (returnivå 200 år) på 1,8 m vil elektriske installasjonar måtte plasserast på kote 3,3. For å imøtekomme Statsforvaltaren, er føresegn 3.1.6 endra i samsvar med fagleg råd.

10. Andre plantekniske forhold:

SF har fagleg råd om at formuleringa «i størst mogleg grad» blir tatt ut av føresegn 9.2.2. Føresegna 2.4 om naturmangfald er svært generell og vanskeleg å følgje opp, meir formålstenleg å fastsette konkrete avbøtande tiltak i planen, i samsvar med fagrapportane.

*Kommunedirektøren sine kommentarar:*

Formuleringa er fjerna i samsvar med SF sitt faglege råd (i reviderte føresegner datert 06.03.2026, sjå føresegn 9.1.3 ).

Pkt. 2.4.1 om naturmangfald i føresegnene viser til «plan for ytre miljø», men er også supplert med ytterlegare fire punkt (2.4.2 – 2.4.5) for å sikre omsynet til naturmangfaldet.

Statsforvaltaren har følgande motsegner:

### 1. Klimagassutslepp

Prosjektet har svært store negative effektar på klimagassrekneskapen i kommunen. Det største klimagassutsleppet frå planen er frå det planlagde masseuttaket. Som det går fram av omtale av avbøtande tiltak kan klimagassutsleppa vesentleg reduserast ved å redusere utbyggingsomfanget. Det er derfor positivt at føresegn 3.3.4 stiller krav om klimarekneskap før planering av BI2. Føresegna kunne med fordel vore formulert meir generelt, slik at det blir tydeleg at den også gjeld for anna verksemd enn havvindmølleproduksjon. I føresegna manglar også vilkår eller føringar for korleis søknaden om opparbeiding skal behandlast dersom klimarekneskapen ikkje viser innsparingar knytt til CO2e. SF fremmar **motsegn** til planforslaget på bakgrunn av dei svært store negative konsekvensane for klimagassutslepp. Planen bør innehalde konkrete tiltak for å redusere klimautsleppa innanfor planområdet og ein langsiktig plan for korleis planområdet skal oppnå klimanøytralitet innan 2050.

### 2. Terrestrisk naturmangfald

Konsekvensutgreiinga viser at planforslaget får svært stor negativ konsekvens for naturmangfald på land. Det primære forslaget i høve tiltakshierarkiet vil vere å ta ut område aust for eksisterande fylkesveg slik at inngrep i førekomstar av kystlynghei og dei økologiske funksjonsområda her ikkje skjer, men SF har forståing for at den type verksemd som er planlagt, treng mykje plass. Det må sjåast nærare på om ein kan unngå inngrep i dei viktigaste delane av planområdet, særleg i nord, der fleire myrområde ligg i nær tilknytning til Såtemyra. Ved å ta vare på ein større del av området i nord, vil konsekvensane både for terrestrisk naturmangfald, klimagassutslepp, klimatilpassing og vassmiljø kunne reduserast.

SF fremmar **motsegn** til planforslaget av omsyn til den samla konsekvensen for naturmangfaldet, inngrep i myrområde og konflikt med leveområde for trua artar. Planforslaget manglar tilstrekkelege avbøtande og kompenserande tiltak.

### 3. Vassførekomst

SF har **motsegn** til planforslaget på grunn av manglande kunnskapsgrunnlag for vassmiljø. Det manglar vurdering av påverknad på vasskvalitet i Vikevik bekkefelt. Det må gjerast konkrete vurderingar av påverknad på vassførekomsten. I tillegg må det gjerast vurderingar av påverknad på vassbalansen i myra og bekkefeltet. Planforslaget må sikre at det ikkje blir redusert vasstilførsel til myra og bekken.

*Kommunedirektøren sine kommentarar:*

Drøftingsmøte 18.06.2025:

I møtet gav SF uttrykk for at motsegna knytt til klimagassutslepp må vurderast saman med tema naturmangfald på land og vassførekomst. Uttaket av massar er omfattande og må ikkje vere større enn kva som strengt tatt er nødvendig. Tiltakshavar blei utfordra på kva som er deira behov og må formulere tydlegare føresegner for å sikre kva som utløyser behov for fase 3. SF tilrår at det blir gjort ei vurdering som samanliknar inngrep på Dommersnes med andre potensielle lokasjonar.

Som ei vidare oppfølging av motsegner er følgande gjort (Dei ulike endringane som er gjort i den vidare oppfølginga er illustrert lenger ned):

1. Det er utarbeida «*Notat vedrørende behov og arealbehov for havner samt CO<sub>2</sub>e utslipp og konsekvenser for naturmangfold*», sjå vedlegg 9. Notatet gjer greie for arealbehovet dersom både produksjon av fundament og montering skal skje på same stad. Kommunen viser også til SF si tilbakemelding på notatet datert 04.09.2025.  
Det går fram av arealtabell, vedlegg 10, korleis arealbruken er fordelt på ulike formål. Industriformålet er redusert med 30 daa, kombinert formål med 20 daa og næringsformålet med 5 daa. Deler av arealformålet LNF, i nord ved Såtemyr-området, er endra til naturformål.
2. Det er utarbeida ein ny fagrapport: «*Videre vurdering av overvann og myr – Dommersnes industriområde (RIVA02)*», vedlegg 11.  
Dei viktigaste funna kan oppsummerast i følgande punkt:
  - A. Planforslaget vil påverke Såtemyra, dette vil kunne få store negative konsekvensar for vassbalansen og økosystemet i myra.
  - B. Under synfaring blei det oppdaga ei myr på om lag 10 daa som ikkje er kartlagt. Denne myra fungerer i dag som vassbuffer for Såtemyra.
  - C. Planlagt utbygging vil føre til tap av om lag 55 daa av nedbørsfeltet til Såtemyra som ligg vest for planlagt ny fylkesveg.
  - D. Restaureringspotensialet for myr og våtmark i nærleiken av prosjektområdet er vurdert som lågt og tiltak for naturrestaurering må derfor skje i elvar og bekkar, særskilt Stemmevassbekken, for å betre tilhøva for fisk.
3. Det er gjort endringar i plankart og føresegner:
  - A. For å redusere negativ påverknad på naturen er industriarealet i nord redusert slik at nedbørsfeltet til Såtemyrområdet blir halde intakt. Den «nyoppdaga» myra blir tangert av fyllingsfoten til ny fylkesveg. Dette kan handterast i samband med prosjektering av vegen for å sikre at tilsiget ikkje blir vesentleg endra. I plankartet er Såtemyrområdet som tidlegare var sett av til LNF-formål, utvida og endra til naturformål. I føresegnene pkt. 6.2.1 er det sett krav om å ta vare på naturmangfald knytt til myrar, bekkesystem og kystfuruskog.
  - B. I tillegg er det lagt «omsynssone – bevaring av naturmiljø» på Stemmevassbekken. I omsynssona er det stilt krav om avbøtande tiltak i samsvar med fagrapport «*Habitatkartlegging og forslag til tiltak for sjøørret i Vindafjord kommune, rapport 3306*», vedlegg 12, der tiltak i Stemmevassbekken er omtalt side 41-47. Dette er også eit rekkefølgekrav, jf. føresegnene pkt. 8.3.1 og 10.1.3.
4. For å sikre at utbygging av BI2 berre kan skje som eit ledd i «det grønne skiftet» er det tatt med følgande i føresegnene pkt. 3.3.2: «*Område BI2 skal berre opparbeidast til tiltak som er eit ledd i ei «grøn industriutvikling» i samsvar med «Regionplan for grøn industri»,» jf. krav i punkt 3.3.4.*  
Ordlyden i pkt. 3.3.4 er som følger: «*Saman med søknad om planering av område BI2 skal det sendast inn eit klimarekneskap som viser at heile verdikjeda til havvind fører til ei stor innsparing knytt til CO<sub>2</sub>e. Det skal utarbeidast handlingsplan for å tilstrebe klimanøytralitet.*»

«*Notat vedrørende behov og arealbehov for havner samt CO<sub>2</sub>e utslipp og konsekvenser for naturmangfold* blei oversendt SF for kommentarar i brev datert 04.09.2025. Deira førebels tilbakemelding kan i hovudtrekk gjengis som følger:

«*Notatet med kjelder som det er vist til underbygger behovet for ei integrasjonshamn på Haugalandet, og at det er behov for eit areal på 300 – 400 dekar viss både produksjon av fundament og montering skal skje på same stad. Vi har ikkje vesentlege innvendingar til innhaldet i notatet. I detaljreguleringa for Dommersnes utgjer hamneareal og nærings- og industriareal om lag 440*

*dekar, kor i underkant av 30 dekar er næringsføremål, i overkant av 20 dekar er kaiføremål og resterande er industriføremål. Det kan derfor, med bakgrunn i arealbehovet som går fram av kjeldene til notatet, vere grunnlag for å redusere arealbeslaget på Dommersnes.*

*Vi viser til referatet frå dialogmøtet som understrekar at motsegnene må sjåast i samanheng. Ei reduksjon av arealbeslag vil både ta betre omsyn til naturmangfald på staden, og redusere klimagassutsleppa. Vi vil med dette ikkje trekke motsegna på noverande tidspunkt, men ventar på vidare vurderingar, særleg knytt til vassførekomsten. Notatet som er oversendt no, må inngå i den heilskaplege vurderinga.*

Med bakgrunn i dei ovanfor nemnde endringar og suppleringar, blei revidert plankart og føresegner, nye rapportar m.m. oversendt SF med førespurnad om motsegner kunne trekkast. Som svar på førespurnaden skriv SF igjen at løysinga av desse motsegnene heng tett saman og at dei ser behov for nærare dialog om endeleg utforming av planforslaget før motsegnene kan trekkast.

#### Om vassmiljø skriv SF følgande:

*«Det er positivt at planforslaget nå sikrar forbetring av tilhøve i bekken, men vi er litt usikre på korleis dette skal gjennomførast i praksis. Grunna ny fylkesveg, nytt kryss med eksisterande fylkesvegtrase og ny gang- og sykkelveg er det naudsynt med omfattande arbeid i området. Det ser ut til at veganlegget skal krysse bekken fleire gonger, og at bekken stadvis vil ligge i formål annan veggrunn. Det er viktig at planforslaget sikrar tilstrekkeleg areal og gjennomførbare løysingar, og vi vil gjerne drøfte desse med kommunen. I ei slik drøfting bør også vegmyndigheit vere med.*

*I det vidare arbeidet med løysing for bekken, er det viktig at tiltaka i rapporten til Rådgivende Biologer blir lagt til grunn. Vidare er det viktig at kryssingar av bekken ikkje fører til nye vandringshinder, mellom anna at det blir sikra kulvertar med naturleg substrat i botn, og at bekken framleis blir open og så ei tilstrekkeleg kantsone i kryssområdet mellom ny og gammal fylkesveg.»*

#### Om naturmangfald på land skriv SF følgande:

*«Det er positivt at industriområdet er avgrensa mot nord, og at området som omfattar myrene blir regulert til naturføremål med eigne føresegner. Vi vil gjerne drøfte endeleg avgrensing av industriføremålet med kommunen, både sett ut frå vår tidlegare tilbakemelding på notat om arealbehov og klimagassutslepp, vår tilbakemelding no om vassmiljø (over) og for å få ei rett forståing av kva som blir ivare tatt av naturverdiar i området, jf. merknad til ØFA2 og ØFA3 over. Vi vil i den samanheng utfordre kommunen og forslagsstillar på å vurdere om det er mogleg å trekke industri- og næringsføremåla lengre sør for å ivareta ennå meir areal i nord. Dette må ev. vurderast opp mot andre omsyn i området, som til dømes nydyrking eller andre naturverdiar i sør.*

*Når det gjeld den delen av motsegna vår som gjaldt konflikt med leveområde for trua artar er det lagt inn krav om at avskoging og fjerning av toppmassar skal skje utanom yngle- og hekkesid. Vi viste i vår fråsegn til tilsvarande omsyn til yngle- og oppvekstperioden for sjøfugl når det gjaldt særleg støyande arbeid i leveområdet deira. Vi kan ikkje sjå at det er innarbeida i føresegnene eller kommentert i oppsummeringa av motsegn.»*

#### Drøftingsmøte 19.12.2025:

Eit nytt drøftingsmøte mellom SF, Vindafjord kommune og forslagsstillar/konsulent fann stad 19.12.2025. Også i dette møtet blei forslagsstillar utfordra på sitt behov for industriareal. SF ønskjer at formålsgrrensa for naturformål blir trekt mot sør for i større grad å unngå inngrep i myrområda. Dersom dette ikkje er mogleg, må tiltakshavar grunngi kvifor og også grunngi kvifor det ikkje kan erstattast med noko meir byggeformål lengst sør i planområdet.

Tiltakshavar laga ei skisse over planlagt arealbruk med dei ulike arbeidsoperasjonane på området for å illustrere behovet for industriarealet som blei sendt til SF saman med referat frå drøftingsmøtet. SF skulle som ei oppfølging av drøftingsmøtet, komme med ei tilbakemelding på kor vidt flytting av formålsgrrensa saman med notatet som samanliknar Dommersnes med andre liknande hamneplanar (vedlegg 9), kunne løyse motsegna til klimagassutslepp.

Tilbakemeldinga frå SF kom i brev 12.02.2026 og er i korte trekk som følger:

«Avgrensinga mellom industri- og naturføremål i nord blei diskutert i drøftingsmøtet. Det var forsøkt å ta omsyn til myra som er namngitt ØFA3 i forslag til nytt plankart som låg føre til drøftingsmøtet. I møtet gav vi tilbakemelding om at den føreslegne avgrensinga ikkje tok tilstrekkeleg omsyn til myra. Vi spelte inn at heile ØFA3 måtte inngå i naturområdet, også den delen som drenerer sørover. Det er sendt ei vurdering av ei endra avgrensing. Vi held fast på at avgrensinga må settast slik at heile ØFA3 tas med i naturområdet. Dette er den beste løysinga for myra, og vil både redusere arealbeslaget ytterlegare, sikre at meir naturareal blir ivareteke, og redusere risikoen for drenering av myra ved opparbeiding av området.

Vi kan akseptere ei løysing der avgrensing mellom industriføremålet og naturføremålet blir sett slik at heile ØFA3 blir liggande i naturområdet. Dette, saman med dei overordna vurderingane i notatet om klimagassutslepp og arealbehov, føresegnene som sikrar at B12 først kan opparbeidast viss det blir dokumentert at det samla klimagassrekneskapet viser innsparing knytt til CO2e, og kravet om handlingsplan for å streva etter klimanøytralitet, vil vere tilstrekkeleg for å anse motsegna til klimagassutslepp som imøtekome.»

I tillegg til dette avklaringspunktet, gjenstod også ei avklaring av motsegna knytt til vassmiljø. Konklusjonen i drøftingsmøtet 19.12.2025 var at tiltakshavar må gjere greie for og synleggjere at forbetringstiltak kan gjennomførast, det må visast i kart og med illustrasjonar. SF skriv dette i sitt brev datert 12.02.2026:

«Vi viser til drøftingsmøtet og referat etter møtet. Denne motsegna er ikkje løyst. Vi etterlyste betre dokumentasjon på at forbetringstiltaka som nemnt i føresegnene, kan gjennomførast i samsvar med reguleringsplanen.»

Som ei oppfølging til SF si tilbakemelding er dei siste endringane i planforslaget som følger:

1. Formålsgrensa for naturformål er sett sør for myr, omtalt som ØFA3 i «Konsekvensutgreiing terrestrisk naturmangfald», for å imøtekomme motsegna. Kartet til venstre viser utsnitt av plankartet på tidspunktet for drøftingsmøtet 19.12.2025 og kartet til høgre viser utsnitt av plankartet som blir lagt fram til endeleg behandling. I føresegnene er det skrive inn følgande: «Myra (ØFA3) ved nord-austre skjeringskant (BAA1/BAA2) og ny fylkesveg skal sikrast mot drenering/skade, jf. pkt. 6.2.2 i føresegnene.



2. Det er gjort ei fagleg vurdering, i fagnotat «Vurdering av tilrettelegging for Stemmevassbekken i Vindafjord kommune» (vedlegg 13), som gjer greie for og synleggjer at forbetringstiltak i Stemmevassbekken kan gjennomførast. For å sikre at det er tilstrekkeleg areal til gjennomføringa, er omsynssone H\_560 utvida ved Stemmevassbekken.

Med desse endringane, blei det på ny sendt brev til SF med oppmoding om å trekke motsegner.

I brev datert 03.03.2026 skriv SF følgande:

«Under føresetnad av at endringane presentert i kommunen si oversending 17.02.2026 blir innarbeidd i planen, vurderer vi at motsegnene er tilstrekkeleg imøtekome. Vi har nokre **faglege råd** som gjeld sikring av areal til og metode for gjennomføring av tiltak knytt til Stemmevassbekken, som vi rår kommunen til å innarbeide.

Motsegn knytt til klimagassutslepp

Kommunen har sendt over forslag til nytt plankart, der avgrensinga av industriføremålet er flytta slik at heile myra kalla ØFA3 i konsekvensutgreiing for naturverdiar ligg innanfor regulert naturområde. I tillegg er det lagt inn føresegn om at «Myra (ØFA3) ved nord-austre skjeringskant (BAA1/BAA2) og ny fylkesveg skal sikrast mot drenering/skade.» Dette er i tråd med vår siste tilbakemelding, og er tilstrekkeleg til at vi ser **motsegna knytt til klimagassutslepp som løyst.**»

Motsegn knytt til vassmiljø på land

«I drøftingsmøtet 19.12.2025 og i vår tilbakemelding i brev av 12.02.2026 etterlyste vi betre dokumentasjon på at forbetringstiltaka som er nemnt i føresegnene kan gjennomførast i samsvar med reguleringsplanen.

Kommunen har sendt over ei fagleg vurdering som gjer greie for og synleggjer at forbetringstiltak i Stemmevassbekken kan gjennomførast. For å sikre at det er tilstrekkeleg areal til gjennomføringa, er omsynssone H\_560 i plankartet utvida ved Stemmevassbekken.

Notatet gir ei tilstrekkeleg skildring av korleis omlegginga av elvelaupet (sjå figur 2 i notatet) kan gjerast på ein måte som sikrar elveøkologiske verdiar på ein akseptabel måte.

Vi registrerer at skildringa er gjort utan synfaring i felt. Dei planlagde tiltaka vil krevje løyve etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag. I samanheng med søknad om slikt løyve må ei meir detaljert skildring av planane i og langs bekken leggest ved. Som grunnlag for vurdering av habitatkvalitet og habitattiltak jf. funksjonskrav 2.5.3 a, skal mellom anna tidlegare habitatkartlegging av bekken leggest til grunn («Habitatkartlegging og forslag til tiltak for sjørret i vassdrag i Vindafjord kommune», Hellen m.fl. 2021).

I drøftingsmøtet 19.12.2025 blei det diskutert ulike måtar å sikre areal til omlegging av bekken i plankartet. Omsynssona for bevaring av naturmiljø (H560) er utvida. Denne gir ikkje juridisk heimel for gjennomføring av tiltaket. Vi har **fagleg råd** om at areal som naudsynt for omlegging av bekken med tilhøyrande kantvegetasjonssone blir vist som eige føremål. Til dømes kan føremålet annan veggrunn – grøntareal nyttast, som vil gi vegeigar heimel til å erverve arealet som er naudsynt for omlegging av bekken i samband med arbeid med ny veg.

I tillegg har vi følgjande faglege råd knytt til endringar i føresegnene for å ivareta vassdragsomsyn:

Forslag til ny føresegn 2.5.3 a. Funksjonskrav - vassdragskryssing

Konstruksjonar for kryssing av vassdrag på anadrom strekning skal utformast slik at dei ved normal vassføring ikkje utgjør vandringshinder for stadeigne fiskeartar i ulike livsstadium. Konstruksjonane skal i tillegg utformast med naturtypisk elvesubstrat i botnen. Utforming av løysning skal bygge på rettleiar «Frie fiskeveger. Etablering av frie fiskeveger» (Statens vegvesen 2024)<sup>3</sup>.

#### Forslag til ny føresegn 2.5.3 b Funksjonskrav - elveøkologi

Tiltaka skal ikkje føra til reduksjon i produksjonsgrunnlaget for anadrom laksefisk og ål i dei råka vassførekomstane. Habitatkvalitet i form av gytetilhøve og skjul skal ikkje reduserast i råka del av vassførekomstane. Redusert habitatkvalitet og/eller fiskeproduksjon som følgje av tiltaka skal kompenseras med habitattiltak utforma av personell med elveøkologisk kompetanse. Utforming av elveløp med naturtypisk elvemorfologi, kantsone, erosjonssikring og habitattiltak skal vera i tråd med rettleiar «Tiltakshåndbok for betre fysisk vannmiljø: God praksis ved miljøforbedrende tiltak i elver og bekker» (Miljødirektoratet 2023).

#### Endring i rekkefølgekrav i føresegn 2.5.3 og 10.1.2.

Habitattiltak i bekkar bør i heilskap gjerast i avslutningsfasen, eller helst etter at anleggsarbeidet er ferdig, slik at partikkelavrenning frå anleggsfasen ikkje fører til nedslamming og forringing av habitattiltaka nedstraums anleggsområdet. Vi ber derfor om at rekkefølgekravet om forbetringstiltak blir knytt til ferdigstilling av veganlegget, framføre igangsetting av tiltaket.»

#### *Kommunedirektøren sine kommentarar:*

For å ivareta omsynet til Stemmevassbekken blei det regulert omsynssone langs vassdraget. For å imøtekomme SF sitt faglege råd, er arealformålet sett av til annan veggrunn – grønt. Dette vil gi vegeigar heimel til å erverve arealet som er nødvendig for omlegging av bekken. Plankartet er endra i samsvar med SF sitt faglege råd.

SF sine faglege råd om funksjonskrav og elveøkologi, samt rekkefølgekrav omtalt ovanfor, er også tatt til følgje. Kommunedirektøren vurderar motsegna som løyst. Føresegnene er endra.

#### 1. Naturmangfald i sjø

Av omsyn til sårbart marint naturmangfald har SF **motsegn** til at planen ikkje har krav om faste ankringspunkt og vilkår for plassering av desse.

#### *Kommunedirektøren sine kommentarar:*

For å imøtekomme motsegna er føresegn 7.2, som gjeld riggområde i sjø, supplert med krav om at ankringspunkt i sjø skal vere faste/permanente, og at før etablering av ankringspunkt skal det dokumenterast at desse blir lagt utanfor område med konsentrasjonar av korallar eller svampar. SF **ser derfor motsegna som løyst.**

#### 2. Støy

Planforslaget manglar tilstrekkelege føresegner for å ivareta omsynet til støy, SF fremmar derfor **motsegn** til planforslaget. Det er positivt at det er stilt krav i føresegnene om tidsrom for arbeid i planområdet i anleggsfasen, inkludert masseuttak, men det manglar tilsvarende føresegn for driftsfase. Vidare er det ikkje sett konkrete grenseverdier for verksemd i planområdet, verken for anleggs- eller driftsfase. Føresegnene har heller ikkje krav om avbøtande tiltak, som støyskjerm og eller tiltak på fasade for bygg som blir liggande i område med støypåverknad over tilrådde grenseverdier i T-1442.

#### *Kommunedirektøren sine kommentarar:*

I brev til SF 23.10.2025 gjorde kommunen greie for endringar: føresegnene er oppdatert med konkrete grenseverdier for støy, både i anleggs- og driftsfase for industriområdet. I tillegg er det lagt til krav om støymåling innan eit halvt år etter oppstart av anleggsfase. For måling av støy i driftsfase

er kravet at dette skal skje innan eitt år, og det er presisert kva eigedom som er rekna som næraste nabo.

SF si tilbakemelding er som følger:

*«For måling av støy i anleggsfasen må det presiserast at støykartlegging/-måling skal oppdaterast ved vesentlege endringar i topografi og/eller driftsmønster. Slike endringar kan påverke støysituasjonen. Når anleggsfase og driftsfase går føre seg parallelt, må støyvurderingane ta høgd for begge aktivitetar. Vi ber og om å ta ut tilvising til konkret eigedom som blir rekna som næraste nabo. Kven som blir næraste nabo/mest råka av støy, kan endra seg undervegs i opparbeidinga av området.*

*Det er ikkje lagt til krav om avbøtande tiltak som skjerming og/eller tiltak på fasade for bygg som blir liggande i område med støypåverknad over anbefalte grenseverdier. Dette er grunngeve med at det einaste reelle avbøtande tiltaket er styring av driftstid. Det er heller ikkje lagt inn krav om avgrensing av driftstid i driftsfasen, berre i anleggsfasen. Vi legg til grunn at den framtidige verksemda tilpassar drifta til grenseverdiane. Det vil vere aktuelt for verksemda å søke om utsleppsløyve etter forureiningslova. SF vil vere mynde for eit slikt løyve, og i løyvet vil det bli sett nødvendige vilkår for drifta.*

*Dersom føresegnene blir supplert med krav til oppdatering av støykartlegging/-måling ved vesentlege endringar i topografi og driftsmønster, og konkret tilvising til næraste nabo blir tatt ut, ser vi motsegna knytt til støy som imøtekome.»*

Føresegner er oppdatert i samsvar med SF si tilbakemelding og kommunedirektøren ser **motsegna som løyst**.

### 3. Masseuttak og -handtering

Føresegn 2.1 seier at det skal avklarast om uttak av massar er konsesjonspliktig. Denne føresegna vil bli overflødig når dette forholdet er avklart.

SF har **motsegn** til planen fordi det manglar føresegner om handtering av overvatn og avrenning til fjorden. Det er heller ikkje tilstrekkeleg kunnskap om ev. forureining i grunnen til å vurdere korleis massane skal handterast ved uttak, mellomlagring og i det vidare.

Det er ikkje grunnlag for føresegn 2.10 om at massar skal stillast gratis til rådvelde for utbetring av fylkesvegen og opparbeiding av g/s-veg, dette må løysast privatrettsleg og kan ev. sikrast i ein utbyggingsavtale.

*Kommunedirektøren sine kommentarar:*

I dialogmøtet 18.06 utdjupa SF at dersom det ikkje er konsesjonsplikt, må reguleringsplanen vere meir detaljert med tanke på uttak av massar (tilsvarande som for driftsplan). Føresegnene må seie noko om uttak, støy, støv, overvatn, sedimentering m.m. Knuseverk meldeplikt.

I brev til SF datert 23.10.2025 gjorde kommunen greie for nye avklaringar og endringar for å imøtekomme motsegna: Det er avklart med Direktoratet for mineralforvaltning (Dir.min.) av masseuttaket ikkje er konsesjonspliktig. I føresegnene er det stilt krav om utarbeiding av ein miljøoppfølgingsplan (MOP) som skal gi nødvendige føringar for både anleggsfase og driftsfase. MOP skal vere utarbeida ved innsending av rammesøknad for tiltak og skal omhandle tema som er lista opp i planskildringa kap. 7.3.4.

Det er dessutan sett krav til handtering av overvatn i føresegnene pkt. 2.7.1: «... Plan for overvatn må sikre at potensielt forureina vatn blir skild frå reint vatn ved styrt leiing, sedimentering, filtrering og handtering av stoff som fangast opp, sett i høve til 2.7.2: «Overvatn frå industriområdet B11 og B12 skal samlast, reinsast og tilførast sjøen i samsvar med krav i løyve frå forureiningsmyndigheit. Løysingar kan etablerast trinnvis tilpassa omfang av utbygging.»

I sitt svarbrev datert 04.12.2025 skriv SF:

*«I eit oppdatert notat «KU naturressursar og massehandtering» er det rekna med større vekt av massar som skal transporterast ut, og tal på skipsanløp og lastebilar per veke er derfor auka. Statsforvaltaren påpeikar at volumet som er rekna med i notatet er det same, trass i at avgrensinga av industriområdet er redusert i nytt innsendt planforslag. Det er ikkje gjort mange endringar i dette notatet, og det er framleis tekst som viser til ev. konsesjonssøknad. Statsforvaltaren påpeikar også at det ikkje er avklart kor vidt grunnen er forureina.*

*Krav knytt til handtering av avrenning til fjorden frå masseuttaket er sikra i føresegn 2.7.1, som stiller krav om at teknisk plan skal innehalde ein plan for overvatn som må sikra at potensielt forureina vatn blir skild frå reint vatn ved styrt leiing, sedimentering, filtrering og handtering av stoff som fangast opp. Vidare har føresegn 2.1.2 krav om at overvatn frå industriområda BI1 og BI2 skal samlast, reinsast og tilførast sjøen i samsvar med krav i løyve frå forureiningsmynde. Løysingane kan etablerast trinnvis tilpassa omfang av utbygging.*

*Tiltakshavar har tatt inn krav om utarbeiding av ein miljøoppfølgingsplan (MOP) som skal gi nødvendige føringar for både anleggsfase og driftsfase. MOP skal vere utarbeida ved innsending av rammesøknad for tiltak og skal omhandle tema som er lista opp i planskildringa kap. 7.3.4. I oppsummering frå konsulent er det vist til at (nytt) krav i føresegnene om miljøoppfølgingsplan tek i vare krav til undersøking av om det finns forureining i grunnen innanfor området.*

*Det er og stilt krav i føresegn 2.10 om massedisponeringsplan for industriområdet. Det er vist til at planen skal ha dokumentasjon i samsvar med punkt 2.11 i føresegnene. Denne føresegna gjeld geotekniske tilhøve. Det er og gitt krav om handtering av matjord, masser med framande arter, og at ressurspyramiden sine prinsipp skal leggjast til grunn. Det kunne med fordel har vore lagt fram ein meir konkret plan for massedisponering og handtering av masser allereie no, men vi har forståing for at det er usikkerheit knyta til framdrift i saka som kan gjere det vanskeleg å vere meir konkret. Vi aksepterer difor at krav til massedisponeringsplan er sikra i føresegnene. Denne planen inngår ikkje i rekkefølgjekrav, jf. kap. 10 i føresegnene. Vi ber om at planen blir sikra som eit rekkefølgjekrav. I tillegg må mellomlagring av masser vere eit tema i massehandteringsplanen. Mellomlagring må gjerast på ein slik måte at det ikkje er risiko for skadeleg avrenning til fjorden og vassdrag (det siste er særleg relevant for opparbeiding av ny fylkesveg).*

*Vår motsegn som gjekk på manglande sikring mot avrenning til fjorden er imøtekome med forslaget til nye føresegner som no er sendt oss. Det er framleis ikkje gjort avklaringar kring forureining i grunnen. Det er vist til at krav i føresegnene om miljøoppfølgingsplan tek i vare krav til undersøking av om det finns forureining i grunnen innanfor området. Vi minner om at ny arealbruk i område med forureina grunn, utan at det er gjennomført miljøtekniske undersøkingar og ei risikovurdering legg grunnlag for motsegn mot planforslaget, jf. T-2/16 Miljøforvaltningens innsigelsespraksis. Sidan ny verksemd i området er industri, legg vi til grunn at det er tilstrekkeleg med ei avklaring av denne problemstillinga i byggesak. Sjølv om massehandteringsplan bør ligge føre i planforslaget, har vi forståing for at det er avklaringar som kjem seinare som påverka denne planen.*

*Massehandteringsplanen må sikrast som eit rekkefølgjekrav til planen før igangsetting, og mellomlagring av masser må vere eit tema i planen.»*

SF skriv vidare at deira konkrete innspel til justering kan løyse motsegna.

Dei punkta i føresegnene som SF viser til i revidert utgåve pkt. 2.8.1 og 2.8.2.

Massehandteringsplanen er nå sikra som eit rekkefølgjekrav i føresegnene før det kan gis igangsetjingsløyve (pkt. 10.1.7) og det er sett krav om at mellomlagring av massar skal vere tema i planen. **Motsegna til masseuttak og massehandtering kan derfor sjåast som løyst.**

#### 4. Luftkvalitet

Det er ikkje gjort vurderingar knytt til tema luftkvalitet. Klima- og miljødepartementet si retningslinje for handsaming av luftkvalitet i arealplanlegging, T-1520, skal leggjast til grunn ved planlegging av ny verksemd eller nye bygningar. Både råstoffutvinning og industri er nemnt som døme på slik verksemd i retningslinja. SF fremmar **motsegn** til planforslaget på grunn av manglande vurderingar av luftkvalitet i planforslaget.

Kommunedirektøren sine kommentarar:

I etterkant av dialogmøte 18.06.2025 har tiltakshavar fått utarbeida ein «fagrapport luftkvalitet», vedlegg 14. Rapporten slår fast at luftkvaliteten i området er god i dag, og at verken den planlagde industriverksemda med konstruksjon, lagring og montering/samanstilling av offshore vindturbinar, eller auka trafikk til og frå området, vil påverke luftkvaliteten vesentleg.

Rapporten konkluderer med at luftkvaliteten vil bli noko forringa i perioden det skjer uttak og utskipping av massar. Masseuttak og tilarbeiding av massar, anleggsarbeid og anleggstrafikk vil kunne gi støvflukt til nærliggande omgivnader i ein perioden over fleire år. Ved oppfylling av alle krav i forureiningsforskrifta kapittel 30, skal ikkje luftkvaliteten ved dei berørte bustadane overstige grenseverdier for luftkvalitet.

I rapporten er det peika på fleire døme på avbøtande tiltak og som vil vere nødvendige å gjennomføre, for å redusere belastninga på omgivnadene. Føresegnene sikrar ikkje konkrete avbøtande tiltak, men stiller krav om ein miljøoppfølgingsplan der dette vil vere eitt av fleire tema.

SF legg til grunn av verksemd i anleggsperioden held seg innanfor krava i forureiningsforskrifta sitt kap. 30 og **ser motsegna knytt til luftkvalitet som imøtekomme.**

#### 5. Samfunnstryggleik

SF saknar også tydelegare føresegner som sikrar at føringane i rammeplan VAO blir følgt opp. Det er stadfesta at denne har juridisk verknad gjennom tilvising i føresegnene, men slik det er formulert gjeld det berre plassering av slamavskiljar og leidningar. SF fremmar **motsegn** til manglande sikring av omsyn til samfunnstryggleik i planen sine føresegner.

*Kommunedirektøren sine kommentarar:*

Det er gjort endringar i føresegnene som tydeleggjer at krav til sløkkevatn og handtering av overvatn skal sikrast i teknisk plan og skal vere godkjent før løyve om igangsetting. Andre krav knytt til grunnforhold og stabilitet i grunnen, tryggleik mot naturfare og andre farar identifisert i ROS-analysen, er også tatt inn i føresegnene. Med dette grunnlaget ser SF **motsegna til omsynet til samfunnstryggleik som imøtekommen.**

#### **NVE**

NVE skriv at deira merknader ved varsel om oppstart av planarbeid knytt til vassmiljø og vassuttak til prosessvatn/ kjøling, tilgang på kraft, kvikkleire og flaum er svart ut i plandokumenta.

I følgje planskildringa er det per i dag ikkje konkrete kundar som tilseier behov for uttak av grunnvatn som overstig meldeplikta på 100 m<sup>3</sup>/døgn. NVE tar dette til etterretning.

Tiltakshavar har vore i dialog med Fagne grunna framtidig behov for nettforsterkingar. I plankartet er det tatt inn omsynssone ved eksisterande straumlinjer og det er sett av areal til ny nettstasjon.

Det er utført grunnundersøkingar og avklart at det ikkje er sprøbrotsmateriale eller kvikkleire i området. I følgje planskildring og føresegner må det likevel påreknast geotekniske vurderingar knytt til etablering av kai og utfylling i sjø, samt vurdering av skjeringar.

*Konsulentens sine kommentarar:*

*«Det er lokal vassforsyning frå før. Dersom dagens vassforsyning til kringliggjande område må endrast som følgje av utbygging, kan lokal vassforsyning bli endra/utbygd i samsvar med «rammeplan av VAO» og i samarbeid med kommunen.»*

*Tiltakshavar har avklart at det er tilstrekkeleg med opp til 2 MW straumforsyning til området. Eit eventuelt større behov må avklarast med Fagne slik at søknad om konsesjon da kan utarbeidast.»*

*Kommunedirektøren sine kommentarar:*

Det blir lagt til grunn at tiltakshavar har nødvendig dialog med netteigar dersom det blir behov for nettførsterking og utvida konsesjon.

Geotekniske vurderingar ved utfylling i sjø og etablering av kai er sikra i føresegner pkt. 2.12.

### **Kystverket**

Det er viktig at planarbeidet tar omsyn til sjøverts ferdsel og ikkje legg avgrensingar på trafikken i farvatnet og kjem i konflikt med tryggleiken, framkomsten og merkesystemet i farvatnet. Kystverket registrerer at riggområdet er utvida i sørleg retning, men har ikkje merknader til dette under føresetnad av at bruken ikkje kjem i konflikt med ferdselen og navigasjonsretteleinga i farvatnet.

Planforslaget vil medføre auka ferdsel i fjorden. Kystverket har **fagleg råd** om følgjande tilføyning til føresegn 7.2.1 Riggområde: " ...knytt til den industrielle aktiviteten på land når dette ikkje kjem i konflikt med ferdselen." Grunngevinga for tilføyninga er at størstedelen av riggområdet er i farvatn som også har status som bilei.

Kystverket har også **fagleg råd** om at det under pkt. 2.6 om lyssetting blir føydd til "Det er ikkje tillate med lyssetting innanfor planområdet som er til sjenanse for ferdselen på sjøen".

*Konsulentens sine kommentarar:*

*«Vi synst at denne tilføyninga er lite presis og ikkje gjev den naudsynte «førehandsavklaring» som ein strevar etter i reguleringsplanen. Det er laga fagrapport som punkt 2.3.2 viser til.»*

*Føresegn 7.2.2 til 7.2.5 inneheld naudsynte presiseringar som er samstemt med krav frå Statsforvaltaren.*

*Føresegn 2.6.1 er endra slik at belysning av kai- og riggområde skal godkjennast av Kystverket, slik at føresetnad og myndigheit er klart definert. Hensikta er trygg belysning til dei pågåande aktivitetane.»*

*Kommunedirektøren sin kommentar:*

I føresegnene pkt. 2.3.2 er det stilt krav om at «våtlagring av havvindfundament må søkast om etter hamne- og farvasslova», og samstundes blir det vist til fagrapporten «Hamneforhold, tryggleik og framkommelegheit», vedlegg 15.

### **Statens vegvesen (SVV)**

Planforslaget legg til rette for at eksisterande fylkesveg i nord skal nyttast som gang- og sykkelveg og ny fylkesveg skal gå parallelt med denne i ny trase. Som det går fram av planskildringa, manglar det ei strekning på om lag 200 m som ikkje er regulert, før ein kjem til tilgrensande plan "Reguleringsplan for fylkesveg med gang- og sykkelveg, Vikebygd". Det er uklart når g/s-veg mot nord vil bli regulert og opparbeida, det er derfor sannsynleg at det blir nødvendig med ei mellombels løysing der ny fylkesveg (SKV1) blir tilpassa eksisterande fylkesveg i nord. Føresegnene opnar for etablering av ei mellombels løysing, jf. pkt. 4.1.3 og 4.6.3. Det er ikkje skissert noko løysing for korleis den mellombelse løysinga er tenkt. SVV kjem med **planfagleg råd** om å legge ved meir detaljerte

teikningar av den mellombelse løysinga som vedlegg til føresegnene.

SVV ber om at siktsoner blir vist i plankartet.

*Konsulenten sine kommentarar:*

«Manglande gang- og sykkelvegstreking mot Vikebygd er blitt drøfta under veps i planprosessen. Kommunen er samd i at eit samanhengande tilbod for mjuke trafikantar til Vikebygd må planleggast, men at det best blir ivaretatt i ein eigen planprosess.

Overgangsløysingar mellom strekingar som byggjast og dagens veg løysast alltid innanfor godkjend plan og regelverk. Slik vil det også vera her.

*Sjå kommentar til uttalen frå fylkeskommunen.»*

*Kommunedirektøren sine kommentarar:*

Manglande gang- og sykkelvegstreking mot Vikebygd er blitt drøfta under veps i planprosessen. Kommunen er samd i at eit samanhengande tilbod for mjuke trafikantar til Vikebygd må planleggast, men at det best blir ivaretatt i ein eigen planprosess. Sjå kommunedirektøren sine kommentarar til Statsforvaltaren sitt faglege råd nr. 7 gjeldande folkehelse og lokalsamfunn ovanfor. Det er stilt rekkefølgekrav til planlegging og utbygging av g/s-veg på omtalt streking.

Overgangsløysinga må sikrast i ei seinare detaljprosjektering. Føresegnene sikrar at dette skal godkjennast av vegmyndigheit. Rogaland fylkeskommune som vegmyndigheit skriv følgande: «Normalt vil overgangen mellom veganlegget i reguleringsplanen og dei eksisterande forholda bli avklart i dei tekniske teikningane.»

Siktsoner er vist i plankartet.

## **Rogaland fylkeskommune**

Byggegrenser skal ikkje teiknast inn i plankartet på LNF-formål sida desse områda i utgangspunktet er underlagt eit generelt bygge. Og anleggsforbod. Dette må rettast i plankartet før sluttbehandling av planen.

### Fylkesveg

Fylkeskommunen har ansvar for fylkesvegnettet. I planforslaget er det forslag om omlegging av fylkesvegen for å etablere eit samla industriareal på vestsida. Det er stilt rekkefølgekrav om at fylkesvegen må leggast om før BI2 kan tas i bruk.

Det må tas inn i føresegnene at alle tiltak som vedkjem fylkesvegnettet skal utformast i samsvar med gjeldande krav og at tekniske teikningar skal godkjennast av vegstyresmakta. Det må også sikrast i føresegnene at «for tiltak som gjeld veggrunnen langs fylkesvegnettet må det lagast ein gjennomføringsavtale med vegstyresmakt».

Føresegn §2.6.2 kan tas ut då lyssetting skal utformast i samsvar med gjeldande krav og skal løysast gjennom utarbeiding av tekniske teikningar som skal godkjennast av vegstyresmakta.

I føresegn § 4.1.2 står det at o\_SKV1 ved plangrensa i nord, kan avvike frå plankartet. RFK minner om at alt vegformål på plankartet skal vere i samsvar med gjeldande krav. Normalt vil overgangen mellom veganlegget i reguleringsplanen og dei eksisterande forholda bli avklart i dei tekniske teikningane.

Det bør regulerast inn eit areal på 3x4 meter til plassering av busskur for å sikre tilstrekkeleg areal og for drift og vedlikehald.

*Konsulenten sine kommentarar:*

«Plankartet er retta og byggjegranser i LNF-område er fjerna, likeså innanfor BFF1 (fritidsformålet)

*som ikkje tillét nye bygg med unntak av gjenoppføring innanfor dagens fotavtrykk, vist som byggjegrense.*

*Følgande føresegn 4.1.2. er lagt til: «Alle tiltak som vedkjem fylkesvegnettet skal ha ei teknisk utforming i samsvar med krav i gjeldande handbøker «N100 Veg- og gateutforming» og «V121-geometrisk utforming av veg- og gatekryss. Alle tekniske teikningar skal godkjennast av vegstyresmakt.» Tidlegare 4.1.2 er blitt til 4.1.3). Kravet til RFK er innfridd.*

*Ein eventuell gjennomføringsavtale er sikra i føresegnene pkt. 10.1.2 (rekkefølgekrav) m.a. ved at det krevjast «avklaring av ansvarsforhold (byggherreansvar) med vegeigar Rogaland fylkeskommune». Ingen endring av føresegn.*

*Føresegn 2.6.2 om lyssetting er fjerna.*

*Eit areal på 3x4 meter til busskur er ei anbefaling som skapar utfordringar med auka fyllingsfot, inngrep i privat p-plass og fiskeførande bekk. Storleiken 1,6 x3 m er godkjend andre stader og behaldast.»*

*Kommunedirektøren sine kommentarar:*

Plankartet er kontrollert og byggegrenser fjerna frå LNF-områda. Det er i pkt. 4.1.2 i føresegnene stilt krav om godkjenning av tekniske teikningar og utforming i samsvar med gjeldande krav. Avklaring av ansvarsforhold med vegeigar er også sikra gjennom rekkefølgekrav pkt. 10.1.2 og lyssetting er tatt ut, då dette blir ivaretatt i samsvar med krav om tekniske teikningar.

#### Klima og energi

Dommersnes er eit regionalt prioritert industriområde i «Regionalplan for grøn industri».

Havvind inkludert hamner og infrastruktur som føreslått på Dommersnes, vil vere innanfor nærings- og innovasjonsstrategien «Rein energi og maritim framtid».

I konsekvensutgreiinga er det vidare vist til reduksjon i utslepp som følgje av fornybar straum frå havvindmøllene som skal monterast. Metodikken som er brukt, verkar fornuftig, sjølv om det er stor uvisse rundt kva nøyaktig utsleppsreduksjon på marginen vil vera for ein kWh produsert straum frå havvindmøllene som vil bli samanstillt på Dommersnes. Eit anna vesentleg poeng er at denne utslepps-reduksjonen berre er relevant dersom arealet reint faktisk endar opp med å bli brukt til samanstilling av havvindmøller.

Gjennomføringa av tiltaket vil medføra store klimagassutslepp. Sjølv om den planlagde aktiviteten i området kan bidra til at fornybar straum frå havvind erstattar fossil energi, bør det arbeidast for å minimere klimagassutsleppa. RFK fremmar **fagleg råd** om at det blir gjennomført konkrete tiltak for å gjere desse utsleppa så små som mogleg. Døme på tiltak kan vere å redusere nedbygging av karbonrike areal som skog og myr, redusere det totale omfanget av sprenging og massehandtering, eller ved å gjennomføre massehandtering og planering i størst mogleg grad med utsleppsfrie maskinar og køyretøy.

*Konsulentens sine kommentarar:*

*«Dommersnes AS har utarbeidd eit «Notat vedrørende behov for havner og sammenlikning med konkurrenter, datert 2025-08-13» som dokumenterer situasjonen som Dommersnes har, samanlikna med andre lokasjonar i Sørvest- og Vest-Norge.*

*Fylkeskommunen gjev aksept for metoden og vurderingane i KU for klimagass.*

*Føresegn 3.3.1 avgrensar bruken til industriell aktivitet som anten er direkte tilknytt sjøen eller som har sjøvegen som ei viktig transportåre, noko som samsvarar med innspelet. I tillegg heiter det: Decom av større objekt er ikkje tillate.*

*Industriarealet (BI2) er ytterlegare redusert med ca. 32 daa i høve til kommuneplanen og gjeldande reguleringsplan. Grunnlaget er ny kartlegging av nedslagsfelt, ei ny myr og forhold til leveområde for fisk i bekkene rundt Såtemyr. Terrenginngrepet blir noko redusert. For å redusere utslepp, skal det utarbeidast ein handlingsplan for klimanøytralitet. Her vil det også inngå tiltak som t.d. krav om utsleppsfrie anleggsmaskiner. Klimarekneskap og handlingsplan skal vere godkjent av kommunen før vedtak om igangsetting av terrengarbeid. Sjå føresegn 3.3.4 og kommentar til Statsforvaltaren sin uttale.»*

*Kommunedirektøren sine kommentarar:*

Industriarealet er ytterlegare redusert, Det er stilt krav som avgrensar bruken av BI2 til «grøn industriutvikling» i samsvar med «Regionalplan for grøn industri». Det er stilt krav om Miljøoppfølgingsplan og krav om klimarekneskap og handlingsplan. Kommunedirektøren viser til Statsforvaltaren si motsegn til klimagassutslepp og korleis denne er svart ut med endra plankart og føresegner.

### Natur

I planprosessen har ein allereie gjennomført fleire avbøtande tiltak. Traseen for fylkesvegen er lagt om for å unngå nedbygging av kystlynghei og det er i føresegnene opna for at L13 kan nyttast som mogleg restaureringsareal. RFK ser det som positivt at det er tatt grep for å avgrense konsekvensen, men slik føresegnene er formulert, synest dei utilstrekkelege. RFK fremmar **fagleg råd** om at område L13 blir undersøkt av fagfolk, for å undersøke moglegheita for å nytta arealet til restaureringsareal og om det er behov for å auke omfanget av L13. I tillegg fremmar dei **fagleg råd** om at ordlyden i § 6.1.2 blir skjerpa vesentleg ved at det blir stilt krav om at restaurering skal utførast av fagpersonell med kompetanse og at det blir utarbeidd ein skjøtselsplan og at restaurering blir eit rekkefølgekrav.

Tilrår også andre kompenserande tiltak som habitatsforbetring i Stemmebekken, fjerning av framande artar og forbetring av økosystemtenester ved Såtemyra.

*Konsulentens sine kommentarar:*

*«Det visast til SF sin uttale og prioritering av områda i nord (unngå utbygging), framfor kartlegging og restaurering av lyngheiområde i sør. Ei restaurering av lyngheiområdet på L13 vil og krevje drift/beiting på eit område det ikkje har vore drive som lynghei over generasjonar.*

*Vi viser til kommentarane til Statsforvaltaren sin uttale (under) som dekkjer tiltak rundt Stemmebekken og Såtemyr, kartlegging av vassmiljø og vilkår for Såtemyr. Det er tatt inn krav om fjerning av framande artar i pkt. 2.5.2 i føresegner. Det er sett inn krav om forbetringar i bekken frå Såtemyr mot nord i pkt. 2.5.3.»*

*Kommunedirektøren sine kommentarar:*

Førekomstane av kystlynghei er registrert med låg kvalitet, men grunna status som utvald naturtype får dei likevel svært stor verdi etter Miljødirektoratet sin metodikk for konsekvensutgreiing. Statsforvaltaren skriv: «i eit regionalt perspektiv er kystlyngheia i området ikkje av dei viktigaste områda, og dei ser potensialet for vidare drift og skjøtsel med brenning og sviding, nært opp til busetnad og industriområde i drift, som avgrensa. Restaurering med tanke på ivaretaking av samanhengen i våtmarksområda i og ved planområdet, kan vere eit vel så godt tiltak.» I samråd med Statsforvaltaren er planforslaget justert og omsynet til naturområdet med Såtemyr og Stemmevassbekken i nord er prioritert. Det er stilt krav om kompenserande tiltak i Stemmevassbekken, kommunedirektøren viser til Statsforvaltaren sine motsegner til naturmangfald og vassmiljø og korleis desse er svart ut i saka ovanfor.

### Massehandtering

Det er framleis uklart (på høyringstidspunkt) om uttak av massar krev konsesjon. Dersom Direktoratet for mineralforvaltning finn at tiltaket krev konsesjon, vil det bli utarbeidd ein driftsplan som også gir DMF grunnlag for tilsyn med drifta. Fylkeskommunen vurderer at det er naturleg at

tiltaket blir behandla som eit masseuttak, sjølv om dette ikkje er det endelege formålet med utbygginga.

*Konsulentens sine kommentarar:*

«DMF har bestemt at tiltaket ikkje krev konsesjon og at området kan regulerast i tråd med kommuneplanen til industri. Opparbeiding er definert som massehandtering og ikkje «råstoffuttak».

*I pkt. 2.11 i føresegner er det stilt krav om ein massehandteringsplan. Den er også knytt til Plan for Ytre Miljø/Miljøoppfølgingsplan i pkt. 2.9 og 2.10 og Teknisk plan i § 2.8.»*

*Kommunedirektøren sine kommentarar:*

Det er «rydda» i føresegner og sikra at det skal utarbeidast ein miljøoppfølgingsplan (MOP) og ein plan for massehandtering, samt at det er stilt rekkefølgekrav om dette i føresegnene pkt. 10.1.4 og 10.1.6.

### **Fiskeridirektoratet**

Partikkelspreiing, forureining og støy i anleggsperioden er utgreidd i KU. Mellom anna er det føreslått som avbøtande tiltak at anleggsarbeid skal skje utanom gyteperioden for kysttorsk. Tiltak i sjø er søknadspliktig etter forureiningslova. Fiskeridirektoratet har ikkje innvendingar til denne del av KU-en.

«For naturmangfald i sjø» er verknader for marine naturtypar og artar knytt til utfylling i sjø og oppankring/flytting av element. Samla konsekvens er vurdert som «noko negativ konsekvens». Fiskeridirektoratet har ikkje innvendingar til dette.

Tiltaket sin påverknad på fiske er ikkje konsekvensutgreia. Dette er beklageleg og gir eit svekka kunnskapsgrunnlag. På tross av dette finn direktoratet at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg. Området er aktivt i bruk, særskilt i samband med notfiske, garnfiske og teinefiske. Dette er også stadfesta av Sør-Norges Fiskarlag. Etter ei nærare vurdering har fiskeridirektoratet komme fram til at fiskeriaktiviteten på trålfeltet er relativt liten og at utøving av fisket ikkje vil bli vesentleg negativt påverka av planen. Fiskeplassen er ikkje av vesentleg regional eller nasjonal betydning.

Området for tråling etter reker er direkte berørt ettersom planområdet overlappar med nordleg del av trålfeltet. Fiskeridirektoratet vurderer at feltet uansett er tilstrekkeleg langt til at det kan utøvast tråling sør for planområdet.

Fiskeridirektoratet vurderer ikkje fiskeriaktiviteten eller fiskeplassane i området til å vere av vesentleg regional eller nasjonal betydning. Før planen blir vedtatt, tilrår dei at konsekvensar for fiskeria blir belyst.

*Konsulentens sine kommentarar:*

*Marint naturmangfald blir i KU-en vurdert å ha noko negativ konsekvens.*

*Sjå våre kommentarar til Fiskarlaget sin merknad, vedlegg 7.»*

*Kommunedirektøren sine kommentarar:*

Marint naturmangfald var eit KU-tema og blei gjort greie for til førstegangsbehandlinga. Av omsyn til gyteperiode og perioden der yngelen botnslår, er det stilt krav om at anleggsarbeid i sjø ikkje er tillate i perioden 1. februar til 15. juni, jf. føresegnene pkt. 2.5.4.

### **Direktoratet for mineralforvaltning**

Dei har **fagleg råd** om at planområdet der det skal drivast masseuttak, blir regulert til formålet råstoffutvinning. Det må bli avsett tilstrekkeleg areal for sikring og skjerming av uttaksområdet mot omgjevnadene. Etterbruk til industriformål bør sikrast i føresegnene.

DMF registrerer at kommunen ikkje har sett av til arealformålet råstoffutvinning i plankartet og heller ikkje gitt føresegner med føresetnader om at uttak og tomteopparbeiding først kan starte når det ligg

føre konkrete planar for etablering av næring innanfor kvart delområde. Av den grunn verker det som planen legg til rette for uttak av massar med uklart omfang og tidshorisont.

DMF har **fagleg råd** om at kvaliteten på massane som skal tas ut, blir undersøkt og dokumentert som del av reguleringsprosessen. Kunnskap om kvalitet og kvalitetsvariasjonar på massane er vesentleg for å undersøke kva for ein marknad som finst og realismen i planlagt tidsramme for uttak. Ei vurdering av marknadssituasjonen, bør også sjåast i samanheng med tilgang på byggeråstoff frå andre masseuttak og andre planlagde utbyggingar.

I notatet «*Naturressursar og massehandtering*» blir det gjort greie for omfanget av uttaket og tiltenkt bruk av massane. For konsekvensar for andre forhold, blir det vist til separate konsekvensutgreiingar eller vurderingar. DMF har ingen merknader til at verknader på mineralressursar ikkje blir vurdert særskilt.

Viser til pkt. 2.1 i føresegnene; krav om avklaring etter minerallova bør ikkje bli bunde til ledd i planprosessen etter plan- og bygningslova. Føresegna vil vere juridisk bindande først etter planvedtak. Kommunen bør vurdere å formulere eit krav om avklaring utan kopling til planprosessen eller ta ut føresegna.

Til kravet i føresegnene om at overskotsmassar skal stillast gratis til rådvelde for bruk til utbetring av fylkesvegen og opparbeiding av g/s-veg, vil DMF kommentere at bruken av overskotsmassar bør gjerast på grunnlag av kvaliteten på dei aktuelle massane. Eit slik krav bør ev. inkludere eit krav om at massane skal vere eigna til bruken.

DMF gjer ikkje vurderingar eller fattar vedtak om at uttak er omfatta av minerallova som ein del av fråsegna til reguleringsplanar. Tiltakshavar må kontakte DMF med eigen førespurnad for ei slik avklaring.

*Konsulenten sine kommentarar:*

*«Råstoffutvinning er ikkje hovudføremålet med planen. Området er tidlegare regulert til industri og framleis industriområde i kommuneplanen. Det store masse-/råstoff-uttaket kjem som følgje av prosjektet som krev flate areal på eit lågt terrengnivå, kote +3.*

*Areal til fase 1 er godkjent opparbeidd av kommunen og Statsforvaltaren (dispensasjonssak).*

*Avtale med ein aktør innan produksjon av havvind er naudsynt, for at det skal vere eit økonomisk grunnlag for masseuttak. Inntekter frå sal av massane vil ikkje i seg sjølv gi grunnlag for opparbeiding. Som nemnd er råstoffuttak ikkje føremålet med plansaka.*

*Reguleringsplanen skal vere basert på fasar som kan justerast, og slik at bruk som industriareal skjer parallelt med at massar takast ut og nye areal opparbeidast. Det finst tilstrekkeleg kunnskap om massane frå tidlegare uttak og innanfor fase 1.*

*Det er sendt brev til DMF og avklart at tiltaket ikkje er konsesjonspliktig.»*

*Kommunedirektøren sine kommentarar:*

Det er stilt krav i føresegnene om utarbeiding av miljøoppfølgingsplan. Denne vil fange opp dei aspekt ved verksemda i anleggs- og driftsfase som elles ville blitt fanga opp av ein driftsplan etter konsesjonslovgivinga.

## **Lag og organisasjonar**

### **Bevar Ålfjordens perle(BÅP) (oppsummering av 3 innsendte merknader)**

Uttalen innleiar med å skrive at organisasjonen representerer eit fleirtal av grunneigarar/innbyggjarar i Vikebygd som er imot planforslaget til Windafjord Port på Dommersnes. Motstanden er grunngitt med følgande (kort oppsummert i punkta A-G):

- A. Planforslaget vil medføre 10-15 år med uttak av massar (inkl. sprenging og knusing) som vil gi betydelege støy- og støvplager over lang tid. Støyvurderingane baserer seg på retningslinjer, men BÅP meiner dei ikkje tar god nok høgde for langvarig og uføreseieleg impulsstøyt over mange år. BÅP meiner KU-en undervurderer mengde, vekt og transport av stein og såleis også verknadene for lokalsamfunnet. Støyt, inkl. helsefarleg kvartsstøyt er mangelfullt utgreia. KU-en seier dessutan ingen ting om kva som vil skje om marknaden for stein fell bort og kva som skal skje med området etter bruk.
- B. Tiltaket gir stor til svært stor negativ konsekvens for landskap, naturmangfald og klima. BÅP peikar særskilt på kystlynghei, myrområde og karbonrike areal. Konsekvensar for havørn, kongeørn, fiskeørn, hønselhauk og hubro synest ikkje i tilstrekkeleg grad å vere vurdert. Dei visuelle verknadene med lagring og montering av vindturbinar i fjorden er ikkje korrekt illustrert og tilstrekkeleg belyst. Føresegnene sett ikkje konkrete krav til maks tal vindturbinar og fundament som kan lagrast i fjorden.
- C. Konsekvensane for eksisterande næringsverksemdar som kanskje må flytte, er ikkje utgreidd.
- D. Vurderingar av folkehelse er prega av antakelsar framfor fakta, utbygginga vil gi auka risiko for redusert livskvalitet, psykisk belastning, fråflytting og truga skulegrunnlag. Påverknad av reiseliv er ikkje utgreidd.
- E. Det er påvist forureina sediment i Ålfjorden og BÅP rår sterkt i frå at området blir opna for decomp (opphogging av olje- og gassinntallasjonar).
- F. KU-en seier lite om verditap på bustad/eigedom, noko BÅP meiner er uakseptabelt for dei berørte.
- G. BÅP sin konklusjon er at prosjektet er for stort og inngripande i eit lite lokalsamfunn, at det er i strid med kommunen sine mål om berekraftige og attraktive lokalsamfunn og ber derfor politikarane avvise planforslaget.

*Konsulentens sine kommentarar:*

*«Masseuttaket vil vere ein aktivitet som vil gå over 5-7 år, jf. Naturressursar og massehandteringsplan, datert 2025-08-12. Reknestykket i KU for masse-handtering er endra og nå i samsvar med BÅP sine tal.*

*Det er laga ein fagrapport luftkvalitet (Luft01\_rev J03) datert 2025-09-09. Masseuttak og massebearbeiding, samt anleggsarbeid og anleggstrafikk vil kunne gi støvflukt til nærliggande omgivnader i en periode over fleire år. Masseuttak og massehandtering er regulert gjennom Forureiningsforskrifta kapittel 30 med ein eigen grenseverdi for støvnedfall og krav til støydempande tiltak. Verksemda må sikre at alle krav i kapittel 30 oppfyllest, og at nødvendige tiltak innførast for å oppnå dette. I retningslinje T-1520 er det i kapittel 6 egne retningslinjer for begrensing av luftforureining frå bygge- og anleggsverksemd. Her føreslås ei rekke tiltak for å redusere avbøtande tiltak i anleggsfasen og det vil vere nødvendig å gjennomføre fleire av desse for å redusere belastninga på omgivnadene.*

*Vidare visast til Statsforvaltaren sin uttale og vår kommentar i vedlegg 7, pkt. 1.3.6 og motsegn 7 om luftkvalitet.*

*Reguleringsplanar er offentlege juridiske dokument utan heimel til privatrettslege koplingar som t.d. garanti for gjennomføring. Det vil oppstå fleire moglegheiter for bruk og mellomlagring om denne situasjonen skulle oppstå. Opparbeiding og føresegnar føresett at området skal brukast til industri direkte tilknytt sjøen eller som har sjøvegen som ei viktig transportåre, jf. føresegnene pkt. 3.3.1.*

*Det er ikkje tenkt eller utgreidd anna «etterbruk». Tidsperspektivet for bruk som industriområde og bruk til sjøretta og/eller havvindbasert industri er langsiktig, dvs. til 2050 med årleg omsetnad på mellom 22 og 115 mrd. kr. i Norge (Menon Economics, 2024). Ingen tiltak-endingar*

A. Det er ikkje behov for endringar i KU, KU-graden vil ikkje bli endra, sidan «store negative» er slått fast. KU har tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag i høve til rovfugl, sjå SFRO sin uttale om omsyn som skal takast vare på i Ytre miljøplan. «Maskert» informasjon (rovfugl) er sjekka med SFRO/databasar.

«Worst case» scenario er tilstrekkeleg illustrert og det vil kunne oppstå situasjonar der «bilete» ser forskjellig ut. Talfesting av tal fundament, delar og ferdige turbinar i fjorden vil gi for stramme grenser og hindra for fleksibel produksjon og andre forhold som t.d. veret.

Mange planar har motstridande mål og interesser som skal balanserast i løpet av planprosessen. Det er til slutt eit politisk val og avgjerd om planen blir vedteken. Ingen tiltak-endringar

B. Det har vore dialog med/frå tiltakshavar og dialogen vil bli følgt opp i egne prosessar, slik at avtalar kan inngåast etter at planen er vedteken.

C. Folkehelse er sett saman av mange faktorar og mange tema som t.d. støy er vurdert i egne rapporter. Det er ikkje mogleg «å berekne eller vitskapleg dokumentere detaljert kva som vil skje, med tanke på flytting. I mangel av statlege rettleiing for KU Folkehelse har Norconsult utarbeidd egen metodebeskriving for «helsekonsekvensutgreiing». Denne er i stor grad følgt.

KU for lokale og regionale verknader svarer så godt som mogleg. Det er ikkje mogleg å bli meir konkret (tal, typar opplevingar plager etc.). Atal på sysselsette er rekna til 85 til 170 i anleggsfase som rekrutterast i regionen.. For drift F1 er 75 til 150 direkte sysselsette og i F2 350 til 500 sysselsette i regionen. I tillegg kjem indirekte sysselsette, jf. KU Lokale og regionale verknader. Om Vindafjord klarer å tilby 50% av desse, eller trekke til som framtidige innbyggjarar, vert det rimeleg høge tal. Reiseliv er ikkje definert som KU-tema. Konsekvensar i KU friluftsliv er relevant og seier at dei vil vera middels negativ i hovudsak pga. visuelle verknader.

Grenseverdiar frå T-1442 er teken inn i føresegnar - § 2.6, likeså krav om måling/logg-føring både for anleggs- og driftsfase. Krav i anleggsfase frå forskrifta, §30, er teken inn. Dette inneber og restriksjonar på tid/tidspunkt. Ingen tiltak-endringar

D. Føresegn 3.3.1 seier at Decom av større objekt ikkje er tillate. Det er føresett at avrenning frå industri skjer via interne reinseanlegg og kontroll før utslepp i fjorden og etter godkjenning av forureiningsmyndigheit. Ingen tiltak-endringar

E. Planar og utbyggingar kan medføre verditap eller verdiauke for berørte eigedomar. Dette er det egne prosessar for i etterkant av eit planvedtak. Ingen tiltak-endringar.

F. Flyfoto og synfaring visar at ca. 60% areal vest for, og 30% aust for fylkesvegen er endra/teken i bruk. Utbygginga er basert på langsiktige planar, ikkje mange spreidde tiltak. Det visast til notat vedk. «Behov for havner og sammenlikning med konkurrerende planer», med m.a. Staten sine vurderingar og satsing. Ingen tiltak-endringar.»

#### Nytt brev frå BÅP datert 25.09.2025 (etter høyringsfristen)

Undervegs i planprosessen er det som nemnt komme nye utgreiingar til som skal sikre kunnskapsgrunnlaget. BÅP har i sitt brev datert 25.09.2025 komme med kommentarar/innvendingar til to av desse fagrapportane. Kommunedirektøren har gjengitt meningsinnhaldet i korte trekk nedanfor, men dette brevet er ikkje kommentert av konsulent.

#### «Fagrapport Videre vurdering av overvann og myr»

BÅP påpeikar at samandraget manglar dei viktige tilrådingane i kap. 7.3 som er: «For å redusere negativ påverknad på naturmangfaldet vert følgjande tiltak tilrådd:

- Avskoging og fjerning av toppmassar skal skje utanom yngle- og hekketid, det vil seie utanom perioden april til august.
- Framande artar skal kartleggjast, og det skal utarbeidast ein tiltaksplan i tråd med Miljødirektoratet si rettleiing M-982.
- Vurdere meir spesifikke formål eller omsynssoner for ivaretaking av dei to myrane og tilhøyrande bekkesystem eller nedbørsfelt.

#### «Fagrapport Luftkvalitet»

- Konklusjonen inneheld ingen tal på konsentrasjonar og kor langt støvet vil spreie seg
- Saknar omtale av spreining av støv ved sprenging
- Støvet frå sprenging vil innehalde mykje kvartsstøv som er kreftframkallande, dette er ikkje omtalt
- Korleis kan ein konkludere med at grensa for influensområdet går der ho går når støv frå sprenging ikkje synest å vere vurdert?
- Må utføre grundige helsekonsekvensvurderingar for støvspreiing med kvartsinnhald og tilhøyrande fare for lungekreft
- Rapporten viser til anleggsfase inntil 4 år, medan rapporten «naturressursar og massehandteringsplan» opererer med 7 år, kor lenge vil omgivnadene leve med støveksponering?
- Geografiske grenser for støvspreiing er alt for optimistisk estimert i fagrapporten
- I fagrapporten står det at «fase 1 inkluderer planering i sjøkanten. Dette er i all hovudsak gjennomført.» Dette stemmer ikkje!

*Kommunedirektøren sine kommentarar:*

Det er gjort endringar i plankart og føresegnar.

Planforslaget får store konsekvensar for fleire av KU-temaa; landskap, naturmangfald på land, vassmiljø og klima. Dette er grundig omtalt under merknaden og behandlinga av Statsforvaltaren sine motsegner. Kommunedirektøren vil peike på redusert arealbeslag og derav reduserte konsekvensar for klimagassutslepp, naturmangfald og vassmiljø. Nye utgreiing er gjort for tema luftkvalitet og føresegnar er supplert med krav til støv og støv, jf. føresegnene pkt. 2.6. Når det gjeld folkehelse og verknader for lokalsamfunn vil kommunedirektøren vise til sine kommentarar nedanfor under dette tema.

Føresegnene sikrar at decom-aktivitet ikkje er tillate.

Arealbruksutvikling er ein nødvendig del av samfunnsutviklinga. Ny arealbruk etter gjennomført planprosess, kan endre verdien av fast eigedom. Dette i seg sjølv medfører ikkje erstatningsplikt, verken for det offentlege eller forslagsstillar. Erstatning for verdiforringing av fast eigedom som følge av planprosessar, krev særskilt rettsgrunnlag. Sånn sett ligg dette utanfor sjølv planprosessen.

At avskoging og fjerning av toppmassar skal skje utanom yngle- og hekketida er sikra i føresegnene pkt. 2.5.4. Handtering av framande artar er sikra i føresegn 2.5.2. Når det gjeld ivaretaking av myrområda, viser kommunedirektøren til drøfting med Statsforvaltaren og til sine kommentarar knytt til deira motsegner. Myrområda i nord er nå i sin heilskap ivaretatt innanfor naturområdet.

Verknadene for luftkvalitet er vurdert i fagrapporten. Statsforvaltaren er fagmyndigheit i saker som gjeld forureiningsforskrifta. Kap 30 i forskrifta regulerer forureining frå produksjon av pukk, grus, sand og singel. I forskrifta §30-5 står følgande:

*«Utslepp av steinstøv/støv/partiklar frå totalaktiviteter frå verksemda skal ikkje medføre at mengde nedfallstøv overstig 5g/m<sup>2</sup> i løpet av 30 dagar. Dette gjelder mineralisk del målt ved næraste nabo, eller annen nabo som eventuelt blir mer utsatt.»*

I § 30-4 står følgande: *«Virksomheter skal gjennomføre effektive tiltak for å redusere støvutslipp fra all støvende aktivitet slik som knusing, sikting, transport og lagring.»*

På tilsvarande måte er støv ivaretatt i pkt. 2.6.6 i føresegnene til reguleringsplanen. Det er vist til forureiningsforskrifta og til at avbøtande tiltak skal vurderast. I reguleringsplanen er det også stilt krav til utarbeiding av ein miljøoppfølgingsplan (MOP) for å sikre at føringar og krav for å oppnå miljøkvalitet blir ivaretatt på ein systematisk måte. Det skal utarbeidast ein MOP for anleggsfase og ein MOP for vidare drift av anlegga, jf. føresegnene pkt. 2.9.1. Kommunen skal godkjenne MOP-en.

Rapporten blei sendt til Statsforvaltaren som er fagmyndigheit i saker som gjeld forureiningsforskrifta. På bakgrunn av rapporten og tilføyingar i føresegnene, er motsegna til luftkvalitet løyst.

Det går fram av plandokumenta at anleggsfasen vil ta om lag 7 år. Så lenge anleggsverksemda held fram, vil forureiningsforskrifta gjelde.

### **Fagne**

Fagne har både jordkablar og luftlinje i området som må tas omsyn til. Ved behov for flytting, må dette meldast til netteigar og kostast av utbyggar.

Viss planlagt tiltak medfører behov for auka effektuttak og etablering av ny nettstasjon, må det gå fram av føresegnene at det skal vere mogleg. Slikt areal må også vere tilgjengeleg med lastebil for drift og vedlikehald. Avstandskrav og branntekniske krav må overhaldast.

#### *Konsulenten sine kommentarar:*

*«Viser til føresegnene pkt. 3.3.8 og rekkefølgekrav 10.1.3. Eksisterande 22kV – leidning er vist i plankartet med omsynssone fare. Ny fylkesveg vil ikkje medføre flytting av linja.»*

#### *Kommunedirektøren sin kommentar:*

Føresegn 8.2 ivaretar omsynet til høgspenlinje som går i lia ovanfor planlagt trase for ny fylkesveg.

### **Forum for natur og friluftsliv i Rogaland**

Peikar på at dei regulerte næringsareala på Dommersnes, blei sett av til næringsformål i ei anna tid. Konsekvensen av å realisere utbygginga nå, er at det først er når ein kjem til reguleringsarbeidet at dei alvorlege konsekvensane kjem fram.

Utgreiingane vitnar om ein bekymra lokalbefolkning som risikerer å miste nærturområde og tilgang på sjøareal. Samt risiko for auka støy, støv og lysforureining frå anleggsarbeid og verksemd.

Utbygginga vil gå på bekostning av nærnatur for lokalbefolkninga, regionalt viktige klatreinteresser og område tilrettelagt for orientering.

Området har store naturverdiar som kystlynghei, myr og anadrom bekk, alle nemnde leveområde for trua arter.

Industrietablering som inneberer lagring av store installasjonar i fjorden, vil vere til hinder for ferdsel og svekke landskapskvalitetane. Vindafjord har fleire større industrietableringar på andre stadar i fjordane. Desse forringar natur-, landskaps- og friluftslivssinteressene. Dei saknar av Vindafjord tar dei overordna grepa som må til og ser dei mange fjordsystema under eitt.

#### *Konsulenten sine kommentarar:*

*«Vurderingane og innhaldet er like grundige som om området ikkje hadde vore sett av i kommuneplanen. Som utgreiingane viser, vil konsekvensane for natur og friluftsliv vere ganske like som ved ei utbygging med mindre terrenginngrep og eit meir «tradisjonelt» industriområde.»*

*Kommunen har vurdert både behov for industriareal og verdiar knytt til natur- og friluftsliv i tidlegare kommuneplanar og gjer dette også i pågåande revisjon.»*

#### *Kommunedirektøren sine kommentarar:*

Reguleringsplanen blei vedtatt i 1980, men ved revisjonar av seinare kommuneplanar har næringsformålet blitt oppretthalde. I arbeidet med kommuneplanen, blir dei overordna vurderingane av arealdisponering i kommunen gjort. Kommunedirektøren vil også vise til «Regionalplan for grøn industri». Redusert industriareal i nord, gjer at turstien som startar ved dagens fylkesveg kan gå i eksisterande trase til Sætrafjellet. Formålsgrensa for industriformålet (i nord) er flytta sørover. Det vil derfor vere mogleg å nytte turstien som før, etter at industriområdet er utbygd. Seinare

vegprosjektering vil vere avgjerande for tilkomsten til turområda ovanfor fylkesvegen (behov for tilkomst via ein kulvert).

## **HIM**

Legg til grunn at HIM sine normer og reglar blir følgt i planarbeidet. Det bør ligge føre ein avfallsplan for handtering av næringsavfall. Har elles ingen merknader.

*Konsulentens sin kommentar:*

*«Krav om avfallsplan vil bli kravd seinast ved søknad om byggeløyve.»*

Kommunedirektøren har ingen ytterlegare kommentarar.

## **Motvind Norge**

Viser til rammevilkår, status i havvindsatsinga nasjonalt, og til økonomisk risiko, viser m.a. til at havvind i sørlege Nordsjø-området er lagt på is.

Det er ikkje mogleg å utgreie konsekvensar for noko som ein veit så lite om, også påpeikt i sine merknader til planprogrammet.

At kommunen er medeigar i Dommersnes AS samstundes som dei skal behandle forslag til reguleringsplan og byggesøknader frå same selskap kan lett føre til interessekonfliktar. Dessutan er kommunen forureiningsmyndigheit og har ansvar for folkehelsa. Å ha økonomiske interesser i selskapet når kommunen skal ivareta innbyggjarane slik det er kravd i forureiningslova og folkehelselova kan også lett føre til interessekonflikt. Kommunen har avgrensa moglegheiter til å ta på seg økonomiske forpliktingar, jf. Kommunelova.

Utbygginga på Dommersnes vil auke CO<sub>2</sub>-utsleppet frå Vindafjord vesentleg. At Dommersnes AS vil redusere det totale utsleppet ved eventuell straumproduksjon frå vindturbinane med 26,8 millionar tonn CO<sub>2</sub>e er ei uansvarleg framstilling. Noko som har svært stor negativ konsekvens i fagrapporten blir framstilt som ein svært positiv konsekvens.

Fagrapporten om støy skriv at det er stor usikkerheit då storskala produksjon av havvindturbinar er nybrottsarbeid. Likevel konkluderer rapporten med middels negativ konsekvens. Konklusjonen manglar eit fagleg grunnlag, etter Motvind si vurdering.

Fagrapporten konkluderer med «noko negativ konsekvens» til tross for at det er funne korallar og desse i utgangspunktet er freda. Korallane er funne rett ved kaiområdet, og vil da lett bli utsett for forureining og mekanisk påverknad.

Dei kan heller ikkje sjå at Fiskeridirektorat eller Havforskningsinstituttet (HI) har vore inkludert i programskildringa av kartlegging eller i vurderingane av resultat. Det kan då lett bli feil i kunnskapsgrunnlaget og da saksbehandlingsfeil.

*Konsulentens sine kommentarar:*

*«Vi kjenner ikkje at planane om Nordsjø 2 (Ventyr) skal vere lagt på is. Utsira Nord er lyst ut; ESA-forhold er avklart og uavhengig av kven av dei to konkurrentane som får tildelinga, er Dommersnes aktuell. Det vil bli vesentlege fleire turbinar, kanskje 50 på Utsira N og nye område vil koma både i norsk og utanlandske sektorar.»*

*Det er utarbeidd KU for alle nemnde tema, basert på planprogram. Når motsegn kan løysast, vil planforslaget kunne godkjennast av kommunestyret.*

*Ei mogleg interessekonflikt mellom myndigheit og eigarskap i kommunen er ryddig handtert.*

*Det hevdist ikkje i KU-en at norsk vindkraft vil kunne spara 26,8 mill. tonn pga. energimiks i Europa, men 7,6 mill. er relevant. KU-en er tydeleg på at det manglar klare regler i EU og verda korleis CO2e innsparingar oppstraums skal reknast for vindkraftproduksjon.*

*KU-vurderinga knytt til støy er korrekt i høve til rettleiar M-1941 og kap. 7.4.1. Her står m.a. følgande: «Et eksempel på et prosjekt som kan gi enten middels eller stor negativ konsekvens av utbygginga av et terminalområde. Støykilder er lasting/lossing, aggregater og strømtilførsel for kjøling av containere, lokomotiv på tomgang, skip med aggregat, vegtrafikk, og flere mindre kilder. Dette gir et stort innslag av varierende støynivå, impulslyder og høye maksimale lydtryknivåer på natt.»*

*Dette betyr at det blir auka nivå for næraste naboar, impulslyd, men at grenseverdiar ikkje blir overskride.*

*Det er påvist spreidde førekomstar av korallar, men det må vere tett førekomst for å bli definert som korallskog og for å vere raudlista. Funn ligg ved store djup i god avstand frå planlagde kaiar.*

*Fiskeridirektoratet var høyringspart då planprogrammet blei sendt på høyring og har akseptert metode/innhald i KU-en, sjå 1.3.8. Havforskningsinstituttet utfører forskning på vegne av Staten og kan/vil ikkje involverast i slike prosessar.»*

*Kommunedirektøren sine kommentarar:*

Føresegnene er supplert med grenseverdiar for støy i driftsfase og det er stilt krav om støymålingar både i anleggsfase og driftsfase. Det er også krav om at det skal gjennomførast støykartlegging/-måling ved vesentlege endringar i topografi og driftsmønster og ved næraste nabo.

Føresegnene stiller krav om faste ankringspunkt for å unngå konflikt med sårbart marint naturmangfald, jf. pkt. 7.2.2.

Motvind påpeikar ei mogleg interessekonflikt mellom kommunen som forvaltningsmyndigheit og kommunen som medeigar i Dommersnes AS. Utover dette er kommunen også grunneigar i delar av planområdet og eigar og driftar av kommunal infrastruktur. Nå som kommunen behandlar denne saka etter plan- og bygningslova er det som forvaltningsmyndigheit. Kommunestyret og kommunedirektør skal då legge til grunn arealdisponeringsomsyna kommunen måtte ha i saka, ikkje eventuelle andre interesser.

### **Vikebygd Grendeutval (VGU)**

Vikebygd er splitta i synet på planane for Dommersnes, dette gjeld også for styret i grendeutvalet. Viser til «Bevar Ålfjordens perle» (BÅP) der 194 Vikebuar har skrive under og gitt si støtte til BÅP sitt syn.

VGU sitt inntrykk er at bygda er positive til aktivitet på dagens industriområde/fase 1, men at det er fase 2 og 3 som skapar uro og delte meiningar.

Om det skulle bli ei full utbygging meiner VGU det må stillast vilkår om:

- å «frede» barnehage og skule fram til ein ser om utbygginga gir effekt med tilflytting
- å iverksette tiltak som stimulerer til permanent busetting
- stille rekkefølgekrav om utbetringar av fylkesvegen før ein går i gong med sprenging og planering
- at bygda får kompensasjon av ulikt slag som kjem allmenta til gode (viser til Peconor-utbygginga)
- tryggleik for at det blir lagt til rette for arbeidsplassane som held til på Dommersnes i dag
- frist for gjennomføring og framdrift

Avslutningsvis; redusere ulemper og belastning på natur og bygda og gjere fordelane for bygda best mogleg.

*Konsulentene sine kommentarar:*

«Industriableringar påverkar barnehage og skule berre i avgrensa omfang.

Vurderingar gjort i «Trafikkanalyse, Traf01» som del av utgreiinga. Det har vore tett dialog med vegeigar Rogaland fylkeskommune). Planforslaget er akseptert av RFK, jf. deira uttale: «Mykje har vorte avklart gjennom denne dialogen, og vi kan sjå at det er ivareteke i planmaterialet.»

Reguleringsplanen kan ikkje stille krav om slike kompensasjonar. Bidrag til lokalsamfunnet kan drøftast med tiltakshavar på eit seinare tidspunkt.

Tiltakshavar har ikkje tenkt at dette skal dokumenterast konkret i denne saka. Det er føresett at avtalar med rørte skal løysa det. Der er vurdert at det finst tilstrekkeleg med alternativ i kommunen ev. nabokommunar. Det same gjeld for indirekte sysselsette, som ikkje treng bety nye bedrifter etablert, men som gjev sysselsetjing til andre bedrifter utanfor.

Komplekse planoppgåver er tidkrevjande. Etter planvedtak vil også finansiering og naudsynte løyve krevje tid, før tiltak kan settast i gong.»

*Kommunedirektøren sine kommentarar:*

Kommunen sitt tenestetilbod i bygda blir vurdert gjennom kommunen sitt arbeid med handlingsprogram og økonomiplan. Avvikling eller opptrapping av tenestetilbod må sjåast i lys av samfunnsutvikling og kommuneøkonomi. Det er gjort vurderingar i kommuneplanen, som er under arbeid, for å tilrettelegge for nye bustadområde.

Det er stilt rekkefølgekrav som sikrar at fylkesvegen blir flytta dersom B12 blir realisert. Vegeigar har ikkje stilt ytterlegare krav om utbetring av fylkesvegen.

Erstatning og eventuell innløyising av eigedom skjer i eigne prosessar, jf. plan- og bygningslova §§ 15-1, 15-2 og 15-3.

Kommunedirektøren har forståing for at reguleringsplanen kan sette eksisterande verksemder i ein vanskeleg situasjon. Dei kan risikere å «leve» i uvisse på ubestemt tid. Erstatnings- og innløyisingsspørsmålet må handterast utanfor planprosessen og løysast med den einskilde part. Løyisingar vil truleg variere ut frå verksemdene sitt ulike behov.

Ei gjennomføring av tiltaket vil vere avhengig av fleire faktorar, men først og fremst av at utbygger får nødvendige kontraktar om arbeid. Føresegnene sikrar at B12 berre kan opparbeidast til tiltak som er eit ledd i ei grøn industriutvikling i samsvar med «Regionalplan for grøn industri i Rogaland».

Det vil også vere slik at ein reguleringsplan kan bli «utgått på dato». Det vil seie at dersom det går mange år (5-10 år) utan at planlagt tiltak blir gjennomført, må planen tas opp til ny vurdering før ei utbygging kan starte. Det er fordi det i mellomtid kan ha komme til nye lovar og reglar som utbygger då må ta omsyn til.

### **Vikebygd Grendeutval, veggruppa**

Veggruppa ønskjer at alternativ A blir vald for ny fylkesveg. Dette alternativet legg beslag på noko meir kystlynghei, men det reduserer masseoverskotet, mogleggjer bruk av dagens fylkesveg som tilkomst til både hytteeigedomane og til industriområdet. Ikkje behov for meir enn eit kryss til ny fylkesveg i sør.

*Konsulentene sine kommentarar:*

«Vald løysinga for ny fylkesveg er grundig dokumentert og drøfta med vegeigar (fylkeskommunen)

*som er einige i konklusjonen. Forskjellen i masseoverskottet er relativ liten i eit så stort prosjekt. Det er riktig at det meste av trafikken til/frå området kjem frå sør (jf. trafikkanalyse). Løysinga er utforma i høve til full utbygging, der dagens veg blir blindveg for hyttene i sør.»*

Kommunedirektøren har ingen ytterlegare kommentarar.

### **Sør-Norges Fiskarlag**

Ved Dommersnes industriområde er det registrert område for aktive reiskap med not og reketråling og passiv reiskap med garn og teiner.

Fiskarlaget er opptatt av god sameksistens med andre næringar, men krev at andre næringar ikkje går på bekostning av det marine miljø, økosystem, gyte- og oppvekstområde og viktige fiskeområde. Med andre ord må det ikkje tillatast utbygging som fortrenger naturgitte og gode fiskeområde og ikkje tillatast verksemd som forringar miljø og økosystem.

Arealbeslag, både areal på sjøoverflata og under overflata må avgrensast til absolutt nødvendig, og installasjonar på botn må vere overfiskbare.

Det må vere føringar som sikrar informasjonsdeling, dialog og sameksistens med fiskerinæringa.

*Konsulentene sine kommentarar:*

*«Sjå våre kommentar til Kystverket pkt. 1.2.1, Fiskeridirektoratet pkt. 1.3.7 og Statsforvaltaren pkt. 1.3.6 i vedlegg 7.*

*KU for vassmiljø gir ubetydeleg konsekvens som følgje av lokal spreining av partiklar frå sjøbotn i anleggsfasen.*

*Verksemda er pålagt varsling gjennom EFS-systemet til Kystverket som er **forankra i føresegn 7.2.5.** I tillegg kan dette supplerast med dialog blant kjente aktørar.»*

*Kommunedirektøren sine kommentarar:*

For å imøtekomme motsegn frå Statsforvaltaren er det i føresegnene stilt krav om faste ankringspunkt, jf. pkt. 7.2.2 i føresegnene. Det er også stilt krav om at anleggsarbeid i sjø som medfører forstyrningar i gyteperioden og perioden den yngelen botnslår, ikkje er tillate i perioden 1. februar til 15. juni. Kommunedirektøren har ingen ytterlegare kommentarar, men viser til føresegnene for riggområde, pkt. 7.2.

### **Haugaland Klatrelag**

Haugaland Klatrelag (747 medlemmer) har eit klatre- /buldfelt på Dommersnes, det største og mest samla i regionen. Å miste dette området vil være et stort tap for klatremiljøet på Haugalandet. Dette er delvis belyst i «konsekvensutgreiing friluftsliv», men laget er ueinig i at feltet er ueigna for undervisning og difor «mindre viktig».

*Konsulentene sine kommentarar:*

*«På høyringstidspunktet ville 5 steinar (eit delklatreområde) like aust for dagens fylkesveg ha gått tapt. Etter reduksjon av industriområde B12 vil 3-4 av steinane bli liggande i naturområde nord for B12. Berre 1-2 steinar nærast dagens veg vil gå tapt.»*

Kommunedirektøren har ingen ytterlegare kommentarar.

### **Privatpersonar**

Lokalsamfunnet blir sterkt berørt av ei så stor utbygging, noko som gjenspeglar engasjementet og

mengda innspel som er komme. I alt er det komme 56 uttalar frå privatpersonar. 23 av desse har sendt inn eit innspel med heilt likelydande tekst og eit av desse igjen var med 67 underskrifter. Med andre ord er det til saman 123 personar som har gitt uttrykk for sine haldningar til planforslaget.

Oversiktstabell som viser kva tema dei innkomne merknadene omhandlar:

<b>Tema</b>	<b>Tal innspel om tema (inkl. 22 likelydande + eitt likelydande med 67 underskr.)</b>	<b>Utgreia i fagrapportar:</b>
Støv og annan forureining	42 + 67= 109	«Fagrapport luftkvalitet»
Støy	40 + 67= 107	«Støyfagleg utgreiing med KU», 15.10.2024 «Undervasstøyfagleg vurdering», 17.12.2024 «Fagrapport luftkvalitet», 09.09.2025
Lokalsamfunn og folkehelse	39 + 67= 106	«Lokale og regionale virkningar», 02.12.2024 «Konsekvensutgreiing folkehelse», 03.12.2024
Trafikk	37 + 67= 104	«Trafikkanalyse for Dommersnes industriområde», 21.10.2024 «Fv 4736 - Alternativsvurdering», 03.09.2024
Verknader for grunneigarar og verditap på eigedom	37 + 67= 104	Planskildringa, kap. 7.3.2
Terrestrisk naturmiljø	36 + 67= 103	«Konsekvensutgreiing terrestrisk naturmangfald», 02.10.2024
Arealbeslag	36 + 67= 103	«Naturressurser med massehandteringsplan», 02.12.2024
Landskap	35 + 67= 102	«Konsekvensutgreiing landskap», 26.11.2024
Fjorden, strandsona og marint naturmangfald	33 + 67= 100	«Konsekvensutgreiing marint naturmangfald», 20.11.2024 «Vurdering av havneforhold, sikkerhet og framkommelighet», 06.11.2024
Eksisterande verksemder	27 + 67= 94	
Friluftsliv	26 + 67= 93	«konsekvensutgreiing friluftsliv», 07.11.2024
Reiseliv/turisme	7 + 67= 74	
Klimagassutslipp	3	«Konsekvensutgreiing klimagass», 25.10.2024 «Notat vedr. Behov og arealbehov for havner, samt CO <sub>2</sub> e -utslipp og konsekvenser for naturmangfold», 13.08.2025
Vassmiljø	1	«Konsekvensutgreiing vassmiljø», 22.10.2024 «Konsekvensutgreiing overvatn», 02.10.2024 «Videre vurdering av overvann og myr», 16.09.2025

<i>Kommuneplan Økonomi</i>	4	
<i>Positiv til tiltaket</i>	1	

Nærare informasjon om innhaldet i kvar av privatpersonane sine innspel og konsulentane sine kommentarar til desse, er gjort greie for i vedlegg 7. Kommunedirektøren har også laga ein oversikt over innkomne merknader frå privatpersonar, sjå vedlegg 8.

I det følgjande blir meiningsinnhaldet i merknadene gjort greie for i korte trekk under dei ulike tema, og blir kommentert og vurdert av kommunedirektøren.

### **Støv, støy og anna forureining**

#### **Støv (109)**

Som det går fram av tabellen er dette det tema flest privatpersonar har vore opptatt av. Privatpersonar påpeikar at det manglar utgreiing av temaet støv. Uttak av massar over fleire år kan påverke helsa. Planforslaget må seie noko om støvspreiing og korleis dette skal handterast. Det må utførast målingar og ansvar for oppfølging av tiltak må nedfellast i føresegnene til planen.

#### *Kommunedirektøren sine kommentarar:*

På høyringstidspunktet for planarbeidet var ikkje konsekvensar knytt til støy tilstrekkeleg vurdert. Tiltakshavar har i ettertid fått utarbeida ein «*Fagrappport luftkvaliteten*», vedlegg 14. Rapporten slår fast at luftkvaliteten i området er god i dag, og at verken den planlagde industriverksemda med konstruksjon, lagring og montering/samanstilling av offshore vindturbinar, eller auka trafikk til og frå området, vil påverke luftkvaliteten vesentleg.

Rapporten konkluderer med at luftkvaliteten vil bli noko forringa i perioden det skjer uttak og utskiping av massar. Masseuttak og tilverking av massar, anleggsarbeid og anleggstrafikk vil kunne gi støvflukt til nærliggande omgivnader i ein periode over fleire år. Ved oppfylging av alle krav i forureiningsforskrifta kapittel 30, skal ikkje luftkvaliteten ved dei berørte bustadane overstige grenseverdiar for luftkvalitet.

I rapporten er det peika på fleire døme på avbøtande tiltak som vil vere nødvendige å gjennomføre for å redusere belastninga på omgivnadene. Føresegnene sett krav om ein miljøoppfølgingsplan der dette vil vere eitt av fleire tema.

Verksemda vil trenge løyve etter forureiningsforskrifta og kommunedirektøren legg til grunn at verksemda held seg innanfor krava i forureiningsforskrifta sitt kap. 30 og dei vilkår som eventuelt blir sett for eit løyve, viser til føresegnene pkt. 2.6.6.

#### **Støy (107)**

Støy frå masseuttak vil over fleire år, bli ei belastning for lokalsamfunnet. Støy blir målt etter same verdiar enten utgangspunktet er bynære strøk, med mykje støy frå før, eller landlege omgivnader med tilnærma stillheit. Det bør ikkje tillatast verksemdar på industriområdet som skapar store ulemper i form av støy. Det er særskilt støy i anleggsfasen og vedvarande støy frå anleggsmaskinar privatpersonar er bekymra for.

#### *Kommunedirektøren sine kommentarar:*

Føresegnene er oppdatert med konkrete grenseverdiar for støy, både i anleggs- og driftsfase for industriområdet. I tillegg er det lagt til krav om støymåling innan eit halvt år etter oppstart av anleggsfase. For måling av støy i driftsfase er kravet at dette skal skje innan eitt år.

*Statsforvaltaren skriv: «For måling av støy i anleggsfasen må det presiserast at støymåling/-måling skal oppdaterast ved vesentlege endringar i topografi og/eller driftsmønster. Slike endringar kan påverke støvsituasjonen.» Vidare skriv SF: «Dersom føresegnene blir supplert med krav til*

*oppdatering av støykartlegging/-måling ved vesentlege endringar i topografi og driftsmønster, og konkret tilvising til næraste nabo blir tatt ut, ser vi motsegna knytt til støy som imøtekome.»*

Føresegnene er oppdatert i samsvar med Statsforvaltaren sin uttale.

Anna forureining

Eit mindretal uttrykker også bekymring for forureining av fjorden. Risiko for spreining av forureina sediment i sjø og moglegheiter for auka avrenning med potensiale for forureining frå industriområdet og lysforureining er mellom anna tema som er trekt fram.

*Kommunedirektøren sine kommentarar:*

Med krav om miljøoppfølgingsplan, og behandling etter forureiningslova, meiner kommunedirektøren at risiko for forureining er redusert betydeleg. Miljøoppfølgingsplanen skal sikre at føringar og krav for å oppnå miljøkvalitet, blir ivaretatt på ein systematisk måte, sjå føresegnene pkt. 2.9

### **Lokalsamfunn og folkehelse (106)**

Av dei innsendte merknadene går det fram at innbyggjarar og hyttefolk meiner planforslaget vil skape for store konsekvensar for Vikebygd som lokalsamfunn. Alle ønskjer seg aktivitet på Dommersnes, berre ikkje i den skala som planforslaget legg opp til. Dei hevdar at det vil gå på bekostning av m.a. bukvilheit, trivsel og folkehelse.

Det er dei samla verknadene som bekymrar, verknader av langvarig støy og støv frå anleggsverksemd, auka belastning på fylkesvegen som har låg standard, store inngrep i natur og landskap og visuell påverknad. I sum vil dette kunne påverke folkehelse, livskvalitet og bumiljø i så stor grad at det også kan føre til fråflytting.

*Kommunedirektøren sine kommentarar:*

Det er utarbeida ein fagrapport om lokale og regionale verknader. Denne blei nærare gjort greie for ved førstegangsbehandlinga og følgde planforslaget på høyring. Rapporten konkluderer med at utbygginga samla sett vil ha positive verknader for sysselsetting og verdiskaping, men også for andre lokale samfunns-effektar som

- tilflytting og auka innpendling som følge av behovet for ny arbeidskraft
- behov for offentleg tilrettelegging i form av bustadtilbod, barnehageplassar, tilgang på fastlege og andre helsetenester og eit godt skuletilbod og kulturtilbod
- behovet for faglært arbeidskraft.

I KU for folkehelse er verknader skildra for to delområde. Delområde 1 utgjer bygda Vikebygd. Bygda vil oppleve noko negativ konsekvens for støy sjølv om støyen vil vere langt under grenseverdier. Tilgang på arbeid, sannsyn for tilflytting og betre utnytting av bustadkapasitet er positive følger. Likeins kan skule og barnehage, som held høg kvalitet i dag, kunne bli betre utnyttede. Nye busstopp gir betre trafikktryggleik og betre løysingar for mjuke trafikantar.

Sjølv om KU viser til positive effektar, har kommunedirektøren forståing for at så store endringar i det fysiske miljøet (landskapet) vil gi negativ visuell påverknad.

Delområde 2 utgjer planområdet og nærområdet. Også for den næraste busetnaden vil endringar i det fysiske miljøet påverke visuelt.

Det er særleg to faktorar som påverkar den aller næraste busetnaden. Slik utbygginga er planlagt, vil i negativ retning, fire bustadar og ein fritidsbustad bli eksponert for støy som overskrider grenseverdiene. I positiv retning vil den næraste busetnaden få ein langt meir trafikksikker lokalveg og langt betre løysingar for mjuke trafikantar når fylkesvegen er lagt om.

Den totale visuelle påverknaden saman med sosiale endringar i bygda, vil påverke både nærområdet og bygda. Kva det vidare vil ha å seie for trivsel og livskvalitet, er vanskeleg å måle konkret.

At ei utbygging vil gi positive verknader for sysselsetting og verdiskaping er naturleg. Men det er også naturleg at lokalsamfunnet ikkje berre opplev dette som positivt. Det er summen av ulemper som skal vegast opp mot dei positive verknadene. Ein av dei innkomne merknadene føreslår folkehelsekartlegging før og etter utbygging for å kunne sette inn målretta tiltak ved behov. Men lokalsamfunnet er allereie prega av utbyggingsplanane. Ei kartlegging før, vil såleis ikkje vere upåverka. Lokalsamfunnet må bere mange ulemper i samband med ei utbygging og fleire har uttrykt ønskje om at bygda må få ei eller anna form for kompensasjon. Dette kan ikkje avtalast i ein planprosess.

Kommunedirektøren vil føreslå at det i føresegnene blir stilt krav om ein utbyggingsavtale mellom kommunen og utbyggar. Denne avtalen skal sikre kommunale interesser knytt til overtaking av anlegg, men skal også vurdere kompenserande tiltak som kjem lokalsamfunnet til gode. Ved førstegangsbehandlinga av planforslaget vedtok formannskapet «at massar skal stillast gratis til rådvelde for utbetring av fylkesvegen og opparbeiding av g/s-veg. Det er ikkje grunnlag for å stille eit slik krav i føresegnene, dette må løysast privatrettsleg og kan ev. sikrast i ein utbyggingsavtale.

Ein utbyggingsavtale er heimla i plan- og bygningslova kap. 17 og skal ha grunnlag i eit vedtak fatta av kommunestyret. «*Vedtaket skal angi i hvilke tilfeller utbygging forutsetter en utbyggingsavtale, og synliggjøre kommunens forventninger til avtalen. Vedtaket skal så langt som mulig synliggjøre hvilke områder som omfattes av vedtaket, og hvilke typer tiltak utbyggingsavtalene forventes å gjelde.*»

Kommunen kan først inngå bindande utbyggingsavtale når reguleringsplan er vedtatt.

## **Trafikk (104)**

To ting går igjen i dei innkomne merknadene som omhandlar trafikk:

### Dagens fylkesveg

Det går fram av planforslaget at store mengder massar skal tas ut, deler av desse skal transporterast med bil ut frå området. Dette er eit viktig ankepunkt for innbyggjarane. Dagens fylkesveg frå Isvik gjennom Vikebygd og vidare mot Bjoa og Ølensvåg er ikkje dimensjonert for den planlagde trafikkauken og den mengde tunge køyretøy som er forventa. Planforslaget legg heller ikkje til rette for utbetringar.

### Tilbod til mjuke trafikantar

Fylkesvegen er utan tilbod for mjuke trafikantar mot sør, og har også manglande strekning frå der planområdet sluttar og om lag 200 meter i nordleg retning.

Det er komme innspel om rekkefølgekrav for å sikre både utbetring av fylkesvegen og opparbeiding av g/s-veg.

### *Kommunedirektøren sine kommentarar:*

Merknader knytt til dette tema handlar både om den auka belastninga utbygginga vil få på fylkesvegen og trafikktryggleiken for mjuke trafikantar. Lokalbefolkninga er bekymra for trafikkauken, og særskilt auken av tungtransport på veggen. Dagens fylkesveg er ikkje dimensjonert for mengda av tunge køyretøy.

Fylkesvegen til Isvik er delvis smal og svingete, men i følge trafikkanalysen vil ikkje forventa trafikkauke utløyse behov for tiltak på strekningen. Vegeigar har slutta seg til desse vurderingane.

Planforslaget legg til rette for at eksisterande fylkesveg i nord skal nyttast som gang- og sykkelveg og ny fylkesveg skal gå i parallelt med denne i ny trase. Som det går fram av planskildringa, manglar det

ei strekning på om lag 200 m som ikkje er regulert før ein kjem til tilgrensande plan «Reguleringsplan for fylkesveg med gang- og sykkelveg, Vikebygd», vedtatt 27.11.1990. Manglande gang- og sykkelvegstreking mot Vikebygd er blitt drøfta undervegs i planprosessen. Kommunen er samd i at eit samanhengande tilbod for mjuke trafikantar til Vikebygd må planleggast, men at det best blir ivaretatt i ein eigen planprosess. Kommunedirektøren har stilt rekkefølgekrav i føresegnene som sikrar at utbyggar skal legge fram forslag til reguleringsplan for ny g/s-veg ved oppstart av fase 2. Vidare blir det stilt rekkefølgekrav til opparbeiding før BI2 kan tas i bruk, jf. føresegner pkt. 10.1.1 og 10.1.2.

I planforslaget er det tatt høgde for ein midlertidig løysing der ny fylkesveg blir tilpassa eksisterande fylkesveg i nord. Overgangen mellom nytt veganlegg og dei eksisterande forholda vil bli avklart i tekniske teikningar, og føresegnene sikrar at desse skal godkjennast av vegmyndigheit.

### **Verknader for grunneigarar og verditap på eigedom (104)**

Mange privatpersonar er opptatt av korleis ei stor industriutbygging vil påverke deira eigedom. Nokon eigedomar blir direkte berørt, og må som følgje av det få erstatningsareal/bli innløyst. Andre kan til dømes bli påverka visuelt eller av støy som kan føre til lågare livskvalitet og trivsel. Eit stort fleirtal av dei som har merknader knytt til eigedom er opptatt av verdiforringinga industriutbygginga vil få på deira private eigedom. Nokon ber om å bli innløyst, andre ber om at ei avklaring må komme tidlegast mogleg.

*Kommunedirektøren sin kommentar:*

Arealbruksutvikling er ein nødvendig del av samfunnsutviklinga. Ny arealbruk etter gjennomført planprosess, kan endre verdien av fast eigedom. Dette i seg sjølv medfører ikkje erstatningsplikt, verken for det offentlege eller forslagsstillar. Erstatning for verdiforringing av fast eigedom som følgje av planprosessar, krev særskilt rettsgrunnlag. Sånn sett ligg dette utanfor sjølv planprosessen.

*Utdrag frå plan- og bygningslova: Dersom du som følge av gjennomført planprosess lider økonomisk tap- eller blir påført bruksrelatert forringelse fastslår plan- og bygningslovens §-15,1,2 og 3 at dine tap innanfor visse vilkår skal kompenseres for ved erstatning/ innløsning. Merk at krav om dette må rettes til kommunen senest 3 år etter kunngjøringa av planen.*

Det vil bli gjennomført ein eigen prosess knytt til eigedomar og verksemder som ligg innanfor planområdet/er berørt.

### **Terrestrisk naturmangfald (103)**

Innkome merknader frå private gir uttrykk for at konsekvensane for naturen/naturmangfaldet på land blir for sterkt berørt. Dei er særskilt kritisk til det store arealbeslaget, til at så mykje natur går tapt og til verknadene det kan få for dyre- og fugleliv og for førekomsten av kystlynghei.

Kommunedirektøren viser til motsegner frå Statsforvaltaren og oppfølging av desse.

### **Landskap/Arealbeslag (103)**

Ei full utbygging på Dommersnes vil medføre eit stort arealbeslag/landskapsinngrep. Det vil m.a. gi store klimagassutslepp. Innpela frå privatpersonar gir klart og tydeleg uttrykk for at industriverksemda på Dommersnes bør avgrensast til areal nedanfor dagens fylkesveg. Det er gjennomført ei konsekvensutgreiing for 8 delområde I det indre influensområdet. I tillegg er det gjennomført ein verknadvurdering av det ytre influensområdet. Samla sett blir det vurdert at planforslaget vil føre til stor negativ konsekvens for landskap.

Dei negative verknadene av planforslaget for landskap er knytt til 1) storleiken på industriområdet på land og inngrep det medfører og 2) dimensjonane på element som skal lagrast og monterast.

*Kommunedirektøren sine kommentarar:*

Planering av heile det føreslåtte industriarealet ned til kote +3,0 vil føre til svært store inngrep i landskapet lokalt.

Det vil vere synleg frå fleire stadar rundt planområdet, inkludert på andre sida av fjorden. Montering og eventuell lagring av ferdige havvindmøller i riggområde, vil i tillegg vere synlege i stor omkrins rundt Dommersnes.

Som det går fram av Statsforvaltaren sin uttale med tilhøyrande motsegner, er det arbeidd med å redusere arealbeslaget mest mogleg. Industriarealet er redusert med 36 daa for å imøtekomme motsegner til naturmangfald på land, klimagassutslepp og vassmiljø. Kommunedirektøren viser til Statsforvaltaren sine motsegner og oppfølginga av desse, sjå saksutgreiinga ovanfor.

Det er stilt krav i føresegnene om at område BI2 berre skal opparbeidast til tiltak som er eit ledd i ei «grøn industriutvikling» i samsvar med «Regionalplan for grønn industri». Det er også stilt rekkefølgekrav om at det saman med søknad om planering av område BI2 skal sendast inn eit klimarekneskap som viser at heile verdikjeda til havvind fører til ei stor innsparing knytt til CO<sub>2</sub>e. Det skal utarbeidast handlingsplan for å tilstreba klimanøytralitet som skal godkjennast av kommunen, viser til føresegnene pkt. 3.3.4 og 10.1.9.

Statsforvaltaren sitt faglege råd om å etablere pallar i skjeringskanten for å avbøte på visuell påverknad er innarbeidd i føresegnene jf. pkt. 3.5.4.

### **Fjorden, strandsona og marint naturmangfald (100)**

Innsendte merknader til dette tema gir uttrykk for at tiltaket vil ha for store negative konsekvensar på marint naturmangfald. Det blir vist til planane om utfylling av Brunnavika, og det store arealbeslaget planforslaget gjer i strandsona. Utfyllinga i sjø vil gå på bekostning av marint naturmangfald og derav viktige førekomst. Nokre merknader handlar også om arealet som er sett av til riggområde i sjø. Det må ikkje tillatast lagring av fartøy, riggar, plattformar o.l. i dette området. Også bebuarar på Sveiosida av fjorden har påpeikt utstrekninga på riggområde som strekk seg heilt ut til kommunegrensa og lurar på om all båttrafikk skal måtte gå på Sveio si side av fjorden.

*Kommunedirektøren sine kommentarar:*

Utfylling i Brunnavika er ein konsekvens av behovet for areal og kailengde. Dette er gjort greie for i planforslaget. For å imøtekomme motsegner, er arealbeslaget noko redusert på land, men det er ikkje gjort endringar i strandsona. I møtet med Statsforvaltaren 19.12.2025 blei ytterlegare reduksjon av industriarealet drøfta. Industriarealet er redusert med 32 daa for å imøtekomme motsegnene knytt til klimagassutslepp, naturmangfald og vassmiljø.

Av omsyn til sårbart marint naturmangfald fremma Statsforvaltaren motsegn til at planforslaget ikkje stilte krav om faste ankringspunkt og vilkår for plassering av desse. For å imøtekomme motsegna er føresegn 7.2, som gjeld riggområde i sjø, supplert med krav om at ankringspunkt i sjø skal vere faste/permanente, og at før etablering av ankringspunkt skal det dokumenterast at desse blir lagt utanfor område med konsentrasjonar av korallar eller svampar. Statsforvaltaren **ser derfor motsegna som løyst.**

Heile riggområde i sjø vil ikkje vere avsperra for ferdsel. Men i periodar vil det kunne ligge fleire fundament til havvindmøller lagra i påvente av montering og transport ut. Våtlagring av havvindfundament må søkast om etter hamne- og farvasslova, jf. føresegnene pkt. 2.3.2.

Det er vidare stilt krav til periode for når anleggsarbeid i sjø kan gjennomførast, av omsyn til gyteområde for torsk. Anleggsarbeid ved sjø kan også forstyrre sjøfuglar si hekking og er derfor regulert tilsvarande, jf. pkt. 2.5.6. Det er vidare stilt rekkefølgekrav og føresegnene seier at detaljerte

krav skal fastsettest ved behandling av søknad etter forureiningslova og hamne- og farvasslova, jf. pkt. 10.1.7 i føresegnene.

For å ivareta omsyn til undervassstøy for sårbar kysttorsk, skal anleggsarbeid i sjø avgrensast til 12 timars arbeidsdag og ikkje utførast på natta.

### **Eksisterande verksemder (94)**

Innkomne merknader påpeikar at verknadene for eksisterande verksemder ikkje er utgreia. Det er ingen plan for kva som skal skje med desse verksemdene og om dei må flytte ut av bygda. Ei av verksemdene har i sin uttale lagt fram sine krav.

*Kommunedirektøren sine kommentarar:*

Erstatning og eventuell innløyising av eigedom skjer i eigne prosessar, jf. plan- og bygningslova §§ 15-1, 15-2 og 15-3.

Kommunedirektøren har forståing for at reguleringsplanen kan sette eksisterande verksemder i ein vanskeleg situasjon. Dei kan risikere å «leve» i uvisse på ubestemt tid. Erstatnings- og innløyisingsspørsmålet må handterast utanfor planprosessen og løysast med den einskilde part. Løysingar vil truleg variere ut frå verksemdene sine ulike behov.

### **Friluftsliv (93)**

Det er mange innkomne merknader som viser til dei negative konsekvensane tiltaket vil få for friluftsliv. Tiltaket vil redusere opplevingskvaliteten ved friluftslivet både på land og sjø. Nærturterreng blir direkte påverka. Det same vil friluftsliv og fritidsfiske på sjø bli.

*Kommunedirektøren sine kommentarar:*

Når så store område blir planlagt utbygd, vil det heilt klart påverke opplevingskvalitetar ved friluftslivet generelt.

I planforslaget som nå ligg føre, er formålsgrensa for industriformålet flytta sørover. Det vil derfor vere mogleg å nytte turstien til Sætrafjellet som før, etter at industriområdet er utbygd. Seinare vegprosjektering vil vere avgjerande for tilkomsten til turområda ovanfor fylkesvegen (behov for å legge ein kulvert). Flytting av formålsgrensa for industri gjer det også mogleg å ta vare på 3 av dei 5 buldresteinane som ligg tett på fylkesvegen i same område.

Friluftslivet og fritidsfiske på sjøen vil også bli berørt. Aktiviteten i riggområde vil påverke ferdselen og opplevingskvaliteten på sjø.

Kommunedirektøren viser elles til sine kommentarar til fagleg råd frå Statsforvaltaren og til Forum for natur og friluftsliv ovanfor.

### **Reiseliv/turisme (74)**

Dei innkomne merknadene peikar på at industriutbygging vil kunne gjere Vikebygd mindre attraktiv for reiseliv og turisme. Det er fleire regulerte hytteområde tett opp mot industriområdet. Opplevd verdi og bruksverdi for desse hytteeigedommane blir sterkt påverka skriv m.a. grunneigarane som står bak to større hytteplanar.

May Britt og Kjetil Vikingstad, som også har sendt inn merknad til planforslaget, har utarbeidd og sendt inn eit «*moglegheitsstudie for framtidig utvikling i Vikebygd*». som i hovudsak peiker på moglegheiter for utvikling av reiselivsnæring basert på lokale ressursar, landskap og natur. Dette kan gi ringverknader for eksisterande og ny næringsverksemd. Det blir vist til at Vikebygd kan tilby flotte omgjevnader, rein og stille natur, vakkert landskap med moglegheiter for naturopplevingar. Vidare kan Vikebygd tilby lokal kultur, lokal mat og varierte turopplevingar til sjø og land.

Dei peikar også på at Vikebygd har potensiale for utvikling av mindre næringsverksemdar og småindustri. Dei skriv at kommunepolitikarane må velje mellom Dommersnes AS sine planar og utbygging eller inngå eit samarbeid med lokalbefolkninga i Vikebygd om å utvikle reiselivsnæringa og anna næring.

*Kommunedirektøren sine kommentarar :*

Vikebygd har ein relativt høg del fritidsbustadar, og merkar auka aktivitet i bygda i feriar og utfartshelgar. Desse aktørane si deltaking i lokalsamfunnet har både sosiale og økonomiske verknader i bygda. Det er derfor naturleg at både fastbuande og «feriefolk» er uroa for kva tiltaket vil ha å seie for lokalsamfunnet. Reiseliv er ikkje eit utgreiingstema, men kan på sett og vis samanfalle med vurderingar knytt til lokalsamfunn, folkehelse og friluftsliv. Dei konsekvensar tiltaket får for lokalsamfunnet/dei fastbuande blir dei same som for hyttefolk og andre ferierande. Kommunedirektøren viser til sine kommentarar under tema folkehelse og lokalsamfunn. Om det er noko differanse mellom verknader for fastbuande og ferierande, vil det truleg handle om at ferierande i endå sterkare grad vil vurdere opplevingsverdien som sterkt forringa.

Det er gjort visse grep i planforslaget som verkar avbøtande. Totalt arealbeslag er redusert. I skjeringskantar skal det etablerast pallar som skal vegeterast med stadeigne artar og det er stilt krav som regulerer støvande og støvande verksemd, for å nemne noko.

Dommersnes industriområde har vore regulert sidan 1980-talet. Seinare revisjonar av kommuneplanen har halde fast på næring som arealformål. Innsendt forslag til privat detaljregulering som kommunedirektøren her legg fram for politisk behandling i tråd med plan- og bygningslova, er i samsvar med kommunen sin overordna plan. Planforslaget er justert for å imøtekomme innkomne merknader og motsegner til planforslaget er løyst. Det vil vere opp til politikarane å vurdere dei ulike interessene opp mot kvarandre og gjere endeleg vedtak i saka.

### **Klimagassutslepp (3)**

Dette tema kan også vurderast å vere samanfallande med tema arealbeslag. Berre 3 privatpersonar har komme med merknader som særskilt peikar på klimagassutsleppet, men sett saman med tema arealbeslag og landskap som handlar om det same, er det mange som meiner konsekvensane av planforslaget er for store. Å legge til rette for eit industriareal som i sin heilskap skal planerast på kote +3, vil gi store klimagassutslepp.

*Kommunedirektøren sine kommentarar:*

Statsforvaltaren hadde motsegn til klimagassutsleppet. Dette er grundig vurdert i drøftingsmøte mellom kommunen, tiltakshavar og Statsforvaltar. Totalt utbyggingsområde er redusert med om lag 65 daa. Det er vidare stilt krav om at B12 berre kan opparbeidast til tiltak som er eit ledd i ei grønn industriutvikling og det er stilt krav om utarbeiding av eit klimarekneskap og ein handlingsplan for å oppnå klimanøytralitet, sjå føresegnene pkt. 3.3.1 – 3.3.4.

Kommunedirektøren viser elles til sine kommentarar til Statsforvaltaren sine motsegner knytt til klimagassutslepp, naturmangfald og vassmiljø (som er løyst) ovanfor.

### **Vassmiljø (1)**

Dette tema er det berre ein privatperson som har trekt fram, men tema er gjort greie for og vurdert under Statsforvaltaren si motsegn til vassmiljø ovanfor.

### **Anna (4)**

To merknader viser til kommuneplanen og meiner planforslaget er i konflikt med mål og strategiar i denne.

*Kommunedirektøren sine kommentarar:*

Det er fleire mål og strategiar som kan vere aktuelle å kommentere i denne samanhengen.

Kommunen har som mål å:

- «reducere klimagassutslepp» (mål nr 1)

- «forvalte naturressursane og ta vare på naturverdiane for noverande og kommande generasjonar» (mål nr 11) og

- «ha ei berekraftig næringsutvikling» (mål nr. 12)

Planforslaget gir eit stort arealbeslag og mykje natur går tapt. Det får store konsekvensar for kommunen sitt totale klimagassutslepp. For å redusere klimagassutsleppet er arealbeslaget redusert. I tillegg er det i føresegnene stilt krav om at BI2 berre kan opparbeidast til tiltak som er eit ledd i ei grøn industriutvikling. Det er også stilt krav om klimarekneskap og utarbeiding av ein handlingsplan for å oppnå klimanøytralitet for å sikre at arealet blir utbygd til industri som bidrar til klimanøytralitet.

«Å redusere forureining» er eit anna overordna mål (mål nr. 3) i kommuneplanen. Når store industriareal er planlagt utbygd over ein lengre anleggsperiode, aukar risikoen for forureining. For å ivareta miljøomsyn stiller føresegnene krav til utarbeiding av ein miljøoppfølgingsplan. Denne skal sikre at føringar og krav for å oppnå miljøkvalitet, blir ivarettatt på ein systematisk måte. Det skal utarbeidast ein miljøoppfølgingsplan for både anleggsfase og driftsfase.

Kommunen har også ein arealstrategi som følger: «Kommunen skal balansere mellom å ta vare på natur, dyrka og dyrkbar jord og friluftsområde, og behovet for areal til samferdsel, næringsliv og attraktive bustadområde». Denne strategien opnar for eit politisk handlingsrom, men også for vanskelege avvegingar av interesser.

Kommunen har under satsingsområdet «attraktive lokalsamfunn» sett som mål at «lokalsamfunn skal opplevast gode å bu i og å besøka». Dette er også nært knytt opp til folkehelsa. Planforslaget utfordrar dette målet. Mange innkomne merknader peikar på redusert livskvalitet. Planlagde inngrep kan påverke innbyggjarar og besøkande sin trivsel og deira opplevingar knytt m.a. til natur og friluftsliv. Bustad- og hytteområde i Vikebygd vil bli berørt i varierende grad i høve til lokalisering, men dei fleste innbyggjarane bor slik at dei vil ha tilgang på natur og friluftsliv frå der dei bur.

Dei to strategiar om å «legge til rette for eit samanhengande vegnett for mjuke trafikantar» (arealstrategi nr. 14) og «prioritera trafiksikring for mjuke trafikantar i ein avstand på 4 km frå skule og barnehage» (strategi nr. 15 under sektorovergripande tema) blir også utfordra av planforslaget. Ved ei full utbygging vil trafikken på fylkesvegen auke, og det er ikkje verken planlagt eller bygd ut samanhengande gang- og sykkelveg nordover til sentrum og barnehage/skule. Det er peikt på i planforslaget og kommunedirektøren ser det som nødvendig, og har stilt rekkefølgekrav som sikrar planlegging og utbygging av g/s-veg på manglande strekning frå Dommersnes til sentrum.

Kommunen sine to arealstrategi om å «balansere mellom å ta vare på natur, dyrka og dyrkbar jord og friluftsområde og behovet for areal til samferdsel, næringsliv og attraktive bustadområde» og «balansere mellom å ta vare på sjøareal og strandsoner og behovet for næringsareal og attraktive bustadområde» gjer seg også gjeldande i saka. Saman med strategiane om «rett verksemd på rett stad» og «strategisk viktige næringsareal skal utviklast på Dommersnes og Nerheim», har kommunen gitt ei viss retning til utviklinga. Dommersnes er i tillegg prioritert i «Regionalplan for grønn industri».

Skuggelegging

Ein merknad viser til våtlagring av havvindmøllene i fjorden, og meiner det vil skuggelegge Vikebygd og som ein konsekvens av dette føre til fråflytting.

*Kommunedirektøren sine kommentarar:*

Ferdig monterte vindmøller skal skje i sommarhalvåret fordi det i den tida av året snarast mogleg kan skje uttransport til permanent lokasjon og produksjon av straum. Det er ikkje planlagt våtlagring i

fjorden meir enn nødvendig.

#### Testkøyring

Ein privatperson skriv at testkøyring av vindmøller ikkje er omtalt i plandokumenta, men er tidlegare nemnt i samband med søknad om løyve til tiltak i fase 1.

#### *Kommunedirektøren sin kommentar:*

Kommunedirektøren har fått stadfesta av tiltakshavar/konsulent at det ikkje er planlagt testkøyring av turbinar i riggområdet.

#### **Positiv til prosjektet (1)**

Det er ein privatperson som gir si støtte til planarbeidet. Han skriv vidare at det må nyttast alle moglegheiter for å utbetre fylkesvegen og etablere g/s-veg nordover til Vikebygd. Vidare må kommunen prioritere høgt å ta vare på Vik oppvekstsenter, gi det tid i tilfelle av at utbygginga tar noko tid, men samstundes må ein arbeide aktivt for tilflytting og marknadsføring av Vikebygd som stad å bu.

Han ber også om at det må tas omsyn til eksisterande verksemder på Dommersnes og peikar til slutt på underskriftslista (mot utbygging) frå Bevar Ålfjorden perle. Denne har 195 underskrifter frå fastbuande, innsendar gjer merksam på at det var 446 stemmeføre ved førre val.

Kommunedirektøren viser til sine kommentarar ovanfor for tema trafikk, lokalsamfunn og folkehelse, verditap på eigedom/verknader for grunneigarar og eksisterande verksemder.

#### **Beredskap**

Det er gjennomført ein risiko- og sårbarheitsanalyse, vedlegg 5. Denne konkluderer med at planområdet med dei tiltak som er skildra, er lite til moderat sårbart. Følgande farar er utgreidd: Skred i bratt terreng, Flaum i vassdrag, ustabil grunn, stormflo, bølgepåverknad og havnivåstiging, ekstremnedbør (overvatn), skogbrann, brann/eksplosjon/kjemikalieutslepp industri, transport av farleg gods, elektromagnetisk stråling, eksisterande kraftforsyning, drikkevasskjelder, framkomst for utrykkingskøyretøy, sløkkjevattn for brannvesenet, tilsikta handlingar, sjøtrafikk.

Statsforvaltaren si motsegn og faglege råd knytt til samfunnstryggleik er imøtekomme. Det er gjennom fareidentifikasjon og sårbarheitsvurdering, identifisert tiltak som det ut frå omsyn til samfunnstryggleik, er nødvendig å gjennomføre for å unngå å bygge sårbarheit inn i planområdet. Desse tiltaka er nærare skildra i kap. 8.2 i planskildringa. Planforslaget peikar på behovet for nettførsterking. Statsforvaltaren fremma faglege råd om at dette blir nærare vurdert i planen, slik at ein sikrar gjennomføringa.

Det har vore dialog med Fagne (linjeeigar) og det er stadfesta at det ikkje vil vere utfordringar knytt til nettførsterking ved behov (utvikling av BI2) og behovet synest å vere mindre enn først antatt, har tiltakshavar opplyst.

På bakgrunn av utarbeida ROS-analyse, konsulenten sine vurderingar og avbøtande tiltak som er innarbeidd i planforslaget, finn kommunedirektøren det forsvarleg å ta planforslaget opp til endeleg behandling.

#### **Økonomiske konsekvensar**

Det kan komme driftskostnader for kommunen knytt til teknisk infrastruktur til dømes vatn og avløp.

Omfanget er usikkert på nåverande tidspunkt. Kommunedirektøren viser til rekkefølgekrav om utbyggingsavtale.

## Samla vurdering

Totalt planområde er 1847 daa fordelt på hovudformåla industri, næring, kai og riggområde i sjø, ny fylkesveg med tilhøyrande anlegg, naturformål og eksisterande hytteområde. Planen erstattar tidlegare reguleringsplan frå 1980.

Det har vore eir stort lokal engasjement i planarbeidet. 56 privatpersonar har eigenhendig komme med merknader, men saman med ei underskriftsliste er det 123 personar som har sendt inn uttale. Det er i tillegg komme merknader frå 9 lag og organisasjonar og 7 frå myndigheiter.

Statsforvaltaren hadde motsegner til planforslaget som omhandla følgande tema:

- klimagassutslepp
- naturmangfald på land
- vassmiljø
- marint naturmangfald
- støy
- massehandtering
- luftkvalitet og samfunnstryggleik

For å imøtekomme innkomne merknader og særskilt motsegner frå Statsforvaltaren er følgande endringar gjort:

- industriareal er redusert,
- kombinert formål og næringsformål er redusert
- myrområda i nord er trekt heilt ut av utbyggingsområdet og regulert til naturformål

I føresegnene er det m.a. stilt skjerpa krav til klimarekneskap og handlingsplan for klimanøytralitet, støygrenser og målekrav, overvatn og massehandtering, faste ankringspunkt i sjø og miljøoppfølgingsplan. Alle endringar og tilføyningar i føresegner er skrive med raud skrift.

Regionalplan for grøn industri er styrande for utviklinga i Rogaland. Målet med planen er å legge til rette for verdiskaping og arbeidsplassar innan grøn industri som bidrar til eit naturnøytralt lågutsleppssamfunn. Eit viktig grep i planen er å avgrense arealbruken for nye næringar. Arealbehovet blir avgrensa ved gjenbruk av allereie brukte areal og ved at det blir peika ut prioriterte areal for denne typen verksemd.

Nettopp derfor har planen mellom anna peikt ut Dommersnes som eit av nokre regionalt prioriterte sjønære industriareal som skal prioriterast for utbygging. Det er djupna i Ålfjorden, den skjerma plasseringa, korte avstandar til andre føretak i næringsklynga og ut til Nordsjøen som utgjør dei spesielle kvalitetane og fordelane ved Dommersnes-området. Rogaland fylkeskommune peika på viktigheita av prioriteringane i denne planen i regionalt planforum, og at Dommersnes er med som eit viktig område i Regional plan for grøn industri. Vidare er Dommersnes peikt ut som ein regionalt viktig industrikai i regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger.

I kommuneplanen sin samfunnsdel er eit av hovudmåla å ha «*ei berekraftig næringsutvikling*» og ein viktig arealstrategi under dette målet er at «*viktige næringsareal skal utviklast på Dommersnes og Nerheim*».

Industriarealet på Dommersnes er i dag berre delvis utvikla og sjølv om utviklinga av området sikrar gjenbruk av allereie brukte areal, krev planforslaget store terrenginngrep som gir eit svært stort masseoverskot og mykje natur går tapt. Dette masseoverskotet førar igjen til at klimagassutsleppet for tiltaket gir svært stor negativ konsekvens. Både utsleppet, påverknad på naturmangfald og landskapsverknad er betydeleg mindre i fase 2 enn i fase 3. At masseoverskotet og dermed klimagassutsleppet blir så stort skyldast at samanstilling av havvindturbinar krev industriareal planert på kote 3.

For å nå regjeringa sitt mål om at Norge skal ha gitt konsesjon på 30 GW innan havvind innan 2040 og 3 GW i produksjon innan 2030, må det på plass store nok hamne- og samanstillingsområde. Denne satsinga er nødvendig for at Norge skal innfri sine klimaforpliktingar overfor EU og i samsvar med Parisavtalen for å sikre meir og fornybar energi. Det er med andre store nasjonale samfunnsinteresser knytt til havvindproduksjon.

Viss erstatning av nordisk elektrisitetsmix blir lagt til grunn, er innsparinga knytt til produksjon av elektrisitet frå havvindturbinane som er produsert på Dommersnes berekna til -7,6 millionar tonn CO<sub>2</sub>e over ein analyseperiode på 25 år. Denne produksjonen gir svært positiv konsekvens. CO<sub>2</sub>-utsleppet frå andre delar av kjeda er då ikkje rekna på.

Det er gjort forbetringar av planforslaget etter høyring. Planforslaget opnar opp for utvikling av B12 (fase 3) planert ned til kote 3 under føresetnad av at arealet skal nyttast til tiltak som er eit ledd i grøn industriutvikling i samsvar med «*Regionalplan for grøn industri*». Saman med søknad om opparbeiding av B12 skal det utarbeidast eit klimarekneskap som viser at heile verdikjeda til havvind fører til store innsparingar knytt til CO<sub>2</sub>e. Det skal også utarbeidast ein handlingsplan for, så langt som råd er, å oppnå klimanøytralitet.

Deler av industriområde i nordre del av planområdet, er tatt ut og nå regulert til naturformål. Dette sikrar at eit viktig større myrområdet blir ivarettatt. Dette opprettheld eit viktig vassmiljø, karbonlager og leveområde for viktige artar og gir ein noko betre situasjon for det næraste bustadområde.

Kunnskapsgrunnlaget viser at det samla sett er overvekt av negative konsekvensar av planforslaget. Marint naturmangfald, folkehelse, friluftsliv og støy er vurdert å ha noko negativ eller middels negativ konsekvens. Naturmangfald på land, landskap og klimagassutslepp er vurdert å ha stor eller svært stor negativ konsekvens. Medan lokalsamfunn, vassmiljø og forureining, overvatn og naturressursar er vurdert å ha ubetydeleg eller positiv konsekvens. Som det går fram av saksutgreiinga ovanfor, er det gjort grep som bidrar til å minske dei negative konsekvensane. Statsforvaltaren sine motsegner til klimagassutslepp, naturmangfald og vassmiljø har bidradd til dei største endringane i planforslaget.

Formålet med reguleringsplanen er å legge rette for eit større industri- og hamneområde til sjø for utvikling av offshorevind/etablering av havvind i Nordsjøen. Området er utpeika i regional samanheng og det er knytt store nasjonale samfunnsinteresser til utvikling av havvind.

Endringar i plankart og føresegner er gjort i samråd med tiltakshavar og konsulent.

### **Kommunedirektøren sin konklusjon**

Detaljregulering for industri- og hamneområde på Dommersnes blir vedtatt slik den ligg føre med plankart og føresegner datert 06.03.2026.

### **Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.**

Plan- og bygningslova

Naturmangfaldlova  
Forskrift om konsekvensutgreiing